# Øystre Slidre kommune

# ØKONOMIPLAN 2016 – 2019
# ÅRSBUDSJETT 2016


1 MÅL OG PRIORITERINGAR .......... 4
1.1 Økonomisk status i 2015 .......... 11
1.1.1 Prognose for drifta i 2015 .......... 11

2 ÅRSBUDSJETT OG ØKONOMIPLAN .......... 12
2.1 Resultat .......... 12
2.2 Økonomiske hovudoversikter .......... 12
2.2.1 Økonomisk oversikt drift .......... 12
2.2.2 Økonomisk oversikt investering .......... 13
2.3 Organisasjon .......... 14
2.3.1 Utvikling i årsverk .......... 14
2.3.2 Stillingsramme .......... 16
2.4 Driftsbudsjettet .......... 16
2.4.1 Generelt .......... 16
2.4.2 Frie inntekter .......... 17
2.4.3 Kraftinntekter .......... 18
2.4.4 Andre inntekter .......... 18
2.4.5 Lønnskostnader .......... 18
2.5 Investeringar .......... 18
2.5.1 Finansiering av investeringane .......... 19
2.6 Lånegjeld .......... 20
2.7 Finansielle utgifter .......... 21
2.8 Fond – avsetjing og bruk .......... 21

3 INTERKOMMUNALT SAMARBEID .......... 24

4 POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING .......... 25

4.1.1 Stillingsramme ..... 25
4.1.2 Økonomiske hovudtal ..... 25
4.1.3 Beredskap ..... 25

5 STABEN ..... 27
5.1.1 Mål, status og sentrale utviklingstrekk ..... 27
5.1.2 Stillingsramme ..... 27
5.1.3 Økonomiske hovudtal ..... 28
5.1.4 Tiltak ..... 28

6 PLANAVDELINGA ..... 29
6.1.1 Mål, status og sentrale utviklingstrekk ..... 29
6.1.2 Stillingsramme ..... 30
6.1.3 Økonomiske hovudtal ..... 30

7 OPPLÆRING OG KULTUR ..... 31
7.1 Felles for området ..... 31
7.1.1 Mål ..... 31
7.1.2 Kvalitet og ressursbruk i dag (KOSTRA) ..... 32
7.1.3 Stillingsramme ..... 33
7.1.4 Økonomiske hovudtal – nettobudsjett per ansvarsområde ..... 34
7.2 Grunnskule ..... 34
7.2.1 Sentrale føringar og utviklingstrekk ..... 34
7.2.2 Øystre Slidre ungdomsskule – stillingsramme og økonomiske hovudtal ..... 37
7.2.3 Lidar skule – stillingsramme og økonomiske hovudtal ..... 37
7.2.4 Rogne skule – stillingsramme og økonomiske hovudtal ..... 38
7.2.5 Tiltak i grunnskulen ..... 38
7.3 Barnehage ..... 39
7.3.1 Sentrale føringar og utviklingstrekk ..... 39
7.3.2 Beito barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal ..... 40
7.3.3 Tingvang barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal ..... 40
7.3.4 Rogne barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal ..... 41
7.3.5 Tiltak i barnehagen ..... 41
7.4 Kultur ..... 42
7.4.1 Sentrale føringar og utviklingstrekk ..... 42
7.4.2 Status ..... 42
7.4.3 Kulturtilskott ..... 43
7.4.4 Stillingsramme og økonomiske hovudtal ..... 43
7.4.5 Tiltak ..... 44

8 HELSE OG OMSORG ..... 45
8.1.1 Mål ..... 45
8.1.2 Sentrale føringar og utviklingstrekk ..... 45
8.1.3 Kvalitet og ressursbruk i dag (KOSTRA) ..... 46
8.1.4 Økonomiske hovudtal ..... 49
8.1.5 Tiltak ..... 49
8.2 Helseavdelinga ..... 49
8.2.1 Status ..... 49
8.2.2 Stillingsramme ..... 50
8.2.3 Økonomiske hovudtal ..... 50
8.2.4 Tiltak ..... 51
8.3 Institusjon og heimebaserte tenester (IHT) ..... 51
8.3.1 Status ..... 51
8.3.2 VLMS ..... 52
8.3.3 Stillingsramme ..... 52
8.3.4 Økonomiske hovudtal ..... 52
8.3.5 Tiltak ..... 53

8.4 Miljøtenesta ... 53
8.4.1 Status ... 53
8.4.2 Tiltak ... 54
8.4.3 Økonomiske hovudtal ... 54
8.4.4 Stillingsramme ... 54
8.5 Interkommunale tenester (NAV, barnevern og flyktningteneste) ... 54
8.5.1 NAV – status og økonomiske hovudtal ... 54
8.5.2 Barnevern – status og økonomiske hovudtal ... 55
8.5.3 Kvalifiseringstenesta – status ... 56
**9 TEKNISK DRIFT ... 57**
9.1.1 Status ... 57
9.1.2 Mål ... 58
9.1.3 Stillingsramme ... 59
9.1.4 Økonomiske hovudtal ... 59
9.1.5 Tiltak ... 60
**10 NÆRING OG BYGGESAK ... 61**
10.1.1 Mål og status ... 61
10.1.2 Stillingsramme ... 63
10.1.3 Økonomiske hovudtal ... 63
10.1.4 Tiltak ... 64
**11 KRAFTFORVALTNING ... 65**
**12 FINANSFORVALTNING ... 66**
**13 AVGIFTER OG BETALINGSSATSAR ... 67**
13.1.1 Eigenbetaling i barnehagane ... 67
13.1.2 Eigenbetaling i skulefritidsordninga ... 67
13.1.3 Eigenbetaling i kulturskulen ... 67
13.1.4 Opphald på sjukeheimen ... 68
13.1.5 Heimehjelp ... 69
13.1.6 Mat ... 69
13.1.7 Tryggleiksalarm ... 70
13.2 Gebyrregulativet 2016 ... 71
**14 VEDLEGG I: HANDLINGSREGELEN FOR GOD ØKONOMISTYRING ... 76**
**15 VEDLEGG II: INVESTERINGSPROSJEKT ... 77**
**16 VEDLEGG III: TALBUDSJETT ... 81**
16.1 Driftsbudsjettet – budsjettskjema 1A ... 81
16.2 Investeringsbudsjettet – budsjettskjema 2A ... 81
16.3 Tilgang og bruk middel ... 82
**17 VEDLEGG IV ... 83**
17.1 Befolkningsutvikling ... 83
17.2 Organisasjonskart ... 85

# 1 Mål og prioriteringar

**Hovudmål for Øystre Slidre kommune**

Formannskapet behandla i sak 58/12 den 16.08.12 kommunal planstrategi 2012-2016. Dei føreslåtte måla for Øystre Slidre kommune er:

1. Øystre Slidre kommune skal vera landets beste bu- og besøkskommune, og vera blant dei beste 10 % av kommunane i landet i kommunebarometeret på kommunale tenester.
2. Øystre Slidre kommune skal vere den beste Opplandskommunen på næringsutvikling og nyskaping målt i nye bedrifter pr. innbyggar.
3. Øystre Slidre kommune skal vere ein pådrivar i regionalt samarbeid, til beste for innbyggarane og for gjester i kommunen.
4. Beitostølen som sentrum skal stå fram som eit attraktivt reisemål, og ein god handels- og møteplass.
5. Øystre Slidre kommune skal heile tida vere ei av Noregs viktigaste kunnskapsbygder, både på kommunalt og privat nivå.

**Desse hovudmåla er konkretisert i delmål, delt inn i følgjande kategoriar:**

- **Vekst i kvalitet**
    - Øystre Slidre kommune skal syte for berekraftig forvaltning av kommunen sine naturressursar og ivareta det biologiske mangfaldet. (Planavdelinga)
    - Øystre Slidre kommune skal bevare og vidareutvikle sine natur, -kultur –og miljøkvalitetar. (Planavdelinga og Kulturavdelinga)
    - Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredstillar innbyggarane og gjestene sine grunnleggjande behov.
- **Alle skal med**
    - Øystre Slidre kommune skal ha eitt oppvekstmiljø som gjev trygge og glade, sjølvstendige og skapande born og unge. (Opplæring og Kultur og Helseavdelinga)
    - Øystre Slidre kommune skal vera ei god bu -og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjon. (Plan, Opplæring og Kultur – Helseavdelinga)
    - Øystre Slidre kommune skal stimulere frivilligheit, spesielt overfor eldre, både heimeverande og i institusjon. (Helseavdelinga, IHT og Kultur)
- **Offensiv organisasjon**
    - Øystre Slidre kommune skal vera ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert. (Gjennomgåande)
    - Øystre Slidre kommune skal vera ein organisasjon som er pådrivar i samfunnsutviklinga. (Planavdelinga)
    - Øystre Slidre kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar. Kommunen skal ta vare på sine tilsette, og sikre ei god rekruttering i framtida. (Stab/adm. leiing)

- Øystre Slidre kommune skal drive aktiv informasjon. (Stab)

- **Nærings- og samfunnsutvikling**
  - Øystre Slidre kommune skal vidareutvikle sin gode kultur og nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Arbeidet skal bidra til eitt robust, kunnskapsbasert og framtidsretta næringsliv. (Plan og Bygg/Næring)
  - Kommunen skal vera ein pådrivar og motivator for innovasjon og nyskaping gjennom god fortløpande dialog med næringslivet og lokalsamfunnet. (Bygg og Næring)
  - Kommunen skal arbeide for ein kultur som oppdagar moglegheitene og våger å gripe dei. For å kunne vera blant dei mest attraktive kommunane i Oppland for nyetablering og bevaring av eksisterande næringsliv skal dette vektleggast stort i det daglege arbeidet og i samfunnsplanlegginga. (Plan og Bygg/Næring)
- **Oppvekst og læring**
  - Øystre Slidre kommune skal vera over snittet i landet på alle felt knytt til oppvekst og læring.
  - Kommunen skal gje borna våre ein trygg oppvekst med like moglegheiter for utvikling.
  - Evna til nyskaping og kunnskap for å kunne ta eigne og gode val for framtida skal stimulerast.
  - I Øystre Slidre skal det vera garantert barnehageplass etter fylte eitt år og ei god skule for alle. (Opplæring og Kultur)
- **Folkehelse, omsorg og sosiale tenester**
  - Øystre Slidre skal vera over snittet i landet på alle felt knytt til folkehelse, omsorg og sosiale tenester.
  - Øystre Slidre kommune skal gjennom strategisk arbeid på tvers av sektorar vera betre enn snittet i landet på alle punkt i folkehelse, slik intensjonane er i Folkehelselova. (Helseavdelinga)
  - Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbyggarar får moglegheit til sunn livsstil, med tryggleik for at ein frå den hjelpa ein treng når det trengs. (Planavdelinga)
- **Samferdsel**
  - Øystre Slidre kommune skal arbeide for raskast mogleg utbetring av E16 iht utkastet i NTP og dei innspel som vert gitt på regionalt og fylkeskommunalt nivå i denne.
  - Kommunen skal gjennom regionalt samarbeid arbeide for ei vidareutvikling av Fagernes Lufthamn, Leirin, som rute og charterflyplass, då kommunen ser dette som sers viktig for å støtte opp om reiseliv, varehandel og privat tenesteyting i Valdres.
  - Øystre Slidre kommune skal utvikle eigen trafikksikringsstrategi med prioritet på FV 51, og arbeide med sykkel og gangveg langs denne vegen gjennom heile kommunen, samt arbeide for ei opprusting av sidevegande.

  - Kommunen vil òg langs vegaksa etter FV 51 arbeide for betre og meir heilskapleg skilting til bedrifter, naturområde, attraksjonar. (Planavdelinga)
- **Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling**
  - Øystre Slidre skal vera blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland.
  - Kommunen skal gjennom Samfunnsplanen tilretteleggje for arbeidsplassar, nyskaping samt lokal grendeutvikling og nærmiljøtiltak og trivselstiltak.
  - Regional sentrumsutbygging: Beitostølen skal byggast ut vidare og vera ein av tre framtidige sentrum i regionen saman med Bagn og regionsenteret Fagernes/Leira. (Planavdelinga)
- **Kommunaltekniske tenester**
  - Øystre Slidre skal gjennom Arealdelen til kommuneplanen sikre at fastsette miljømål og sentrale føringar til god planlegging vert fylgt.
  - Kommunen vil arbeide for at flest mogleg skal kunne koplast til offentleg vass- og avlaupsanlegg nede i bygdene ved ei jamn utbygging av desse tenestene.
  - Kommunen vil òg arbeide for at dei delande av fjellområda med utbygging skal ha ein infrastruktur som gagnar miljøet og reduserer fare for forureining.
  - Kommunen ska vera i forkant med planlegging og opparbeiding av gode bustad- og næringsområde der det er behov for dette. (Planavdelinga)
- **Idrett og kultur**
  - Øystre Slidre kommune skal arbeide for ei vidareutvikling og styrking av det gode kultur –og idrettsarbeidet i kommunen.
  - Øystre Slidre kommune ynskjer å ver den beste idrettskommunen i Oppland, og arbeide for eit breitt tilbod innan friluftsliv, kultur og idrett i kommunen.
  - Kommunen skal støtte opp om gode kultur- og idrettsarrangement, og som eit verktøy i næringsutvikling. Gjennom Samfunnsdelen skal kommunen konkretisere mål og handlingar for nytenking og vidareutvikling av dette viktige arbeidet. (Planavdeling og Kultur).

I dette dokumentet er desse delmåla presentert under dei tenesteområda dei naturleg høyrer heime.

## Prioriteringar

Prioriteringane er i tråd med intensjonane i planstrategi og planprogram og kommuneplan med tilhøyrande samfunnsplan, vedtatt i kommunestyret 23.10.14, samt kommunedelplan for helse- og omsorgstenester og kommunen sin arealdel frå formannskapet 6.11.14.

## Politiske mål for økonomiplanen

Kommunestyret har i sak 31/15 lagt til grunn slik prioritering i økonomiplanarbeidet:

**Tabell 1-1 Prioritering**

| Prioritering | Tiltak |
|---|---|
| 1. Næringsutvikling | a Gründerarbeid |
| | b Næringsseminar |
| | c Studietur |
| | d Næringsmiddel |
| 2. Arbeidsplassar | |
| 3. Få ein yngre befolkning - omdefinere mottaksordning for familier (flyktningar) | |
| 4. Omsorgsbygg | a Vedta ny kommunedelplan for Helse og omsorg |
| | b Satse på E-IHT |
| | c Bygge omsorgsbustadar på Heggenes |
| 5. Brannberedskap - brannvatn | |
| 6. Posisjonering og strategi i vakuumet med kommunestruktur | |
| 7. VA fjell og bygd | a Lidar |
| | b Gravfjellet |
| 8. Kommunestruktur | |

Kommunestyret har tidlegare sett økonomiske mål for økonomiplanarbeidet. Tabellen nedanfor syner skjematisk i kva grad dette framlegget til økonomiplan når desse måla:

**Tabell 1-2 Måloppnåing i økonomiplanperioden**

| Mål – Handlingsregel | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **1. Netto driftsresultat** | | | | | | |
| Mål: 3 % av brutto driftsinntekter | **Ja** | **Nei** | **Nei** | **Nei** | **Nei** | **Nei** |
| **2. Disposisjonsfond**<br>Mål: 17,5 % av brutto driftsinntekter | **Ja** | **Ja** | **Ja** | **Ja** | **Ja** | **Ja** |
| **3. Lånegjeld**<br>Mål: Lånegjelda skal liggje under 40 % av siste rekneskapsår brutto driftsinntekter korrigert for inntekter frå sjølvkostområde og momskompensasjon | **Ja** | **Ja** | **Ja** | **Ja** | **Ja** | **Ja** |

Netto driftsresultatet er eit av dei viktigaste økonomiske nøkkeltala for ein kommune. Netto driftsresultat bør ideelt sett ligge på over 3 % av brutto driftsinntekter. Kommunestyret sitt mål for økonomiplanperioden er at netto driftsresultat skal vera 3 %, justert for sjølvkostområdet. Med bakgrunn i at kommunen har eit akseptabelt nivå på disposisjonsfond og handterbart gjeldsnivå, vil kommunen fortsatt ha ein sunn økonomi sjølv med netto driftsresultat på ned mot 1 % av driftsinntektene.

## Investeringar – prioritering

Øystre Slidre kommune har lagt bak seg ei periode med store løft, der dei største løfta har vore:

- bygging av 2 nye barneskular
- bygging av 1 ny barnehage
- bygging av 10 nye omsorgsbustadar
- vesentlege opprusting av kommunale vegar
- omfattande forbetringar av infrastrukturen innan veg, vatn og avløp

Dette har ført til at kommunen si gjeld i perioden 2010-2015 vart fordobla. Korrigert for lån til vatn og avløp (sjølvkostområde) har kommunen ei handterbar gjeld.

Kommunen sitt ansvar for gjeld i IKS er per utgangen av 2015 på 37 mill. kr, størst innan Valdres Lokalmedisinske Eigedom IKS (12,8 % av 190 mill. kr) og Valdres kommunale renovasjonsselskap IKS (16,8 % på 80 mill. kr).

**I neste planperiode ynskjer kommunen å prioritere:**

- bustadar og andre bygg på omsorgsområdet
- infrastruktur innan vatn og avløp for bygda og satsingsområda i fjellet
- sentrumsutvikling på Beitostølen
- ungdomshus

**Figur 1-1 Netto lånegjeld per innbyggar i valdreskommunane**
**KOSTRA 2014 ; % del av brutto driftsinntekter**




*Kjelde: SSB. KOSTRA 2014: Netto lånegjeld definert som langsiktig gjeld utanom pensjonsplikter, med fråtrekk for utlån og ubrukte lånemiddel, i forhold til brutto driftsinntekter. Og andel disposisjonsfond i forhold til brutto driftsinntekter.*

Under kapitel 2.6 blir samansetjing og utvikling av kommunen si gjeld omtala.

**Drift – prioriteringar**

Økonomisk er det fire hovuddrivarar for Øystre Slidre kommune:

- løn
- rente
- kraft
- skatt og rammeoverføringar

I økonomiplanen er det føresett at lønsutviklinga vil bli om lag som i Statistisk sentralbyrå sine prognoser.

Utvikling av løn og pensjonsutgifter blir omtala i kap. 2.4.5.

Rådmannen vil som tidlegare år framhalde si meining om at det ikkje lenger er forsvarleg for kommunal sektor å oppretthalde ordninga med ytingsbasert pensjon for dei tilsette.

Rådmannen meiner kommunestyret skal be KS arbeide for overgang til innskottsbaserte løysingar.

Renteprognosane frå SSB er grunnlaget for budsjetterte finansinntekter og kostnader, med ein sikkerheitsmargin på 0,25 %. Slik kommunen i dag er finansiert er rentenivået relativt uvesentleg for styringa av kommunen sin økonomi, då ein har tilsvarande innskottsbeløp som lån i bank (utanom sjølvkostområda).

Kraftprisane er budsjettert etter NASDAQ si prognose for planperioden og prisen på kraft med fast pris i 5 år med fråtrekk av forteneste (ca. 2,5 øre), vekta opp mot snitt oppnådd pris siste 5 år.

Det er lagt opp til stabile inntekter framover med ein kraftpris på 22,0 øre per kWh. Rådmannen legg opp til at denne prisen er fast for 2016-19, med årleg regulering av forventningsnivået.

### Strukturendringar og regionalt samarbeid

Øystre Slidre kommune har bidrege til etablering av eit mangfald av regionale samarbeidsløysingar innan dei fleste sektorane.

Kommunen har i siste økonomiplanperiode hatt fokus på tre område særskilt:

1. Kommunestyret har i 2015 sakshandsama oversikt over regionale tenester og stadfesta strategien for styring av selskap som kommunen er medeigar i.
2. I oktober 2014 har kommunen vedteke å delta i utgreiingsarbeid for ein ny valdreskommune. Dette arbeidet har hatt høg fokus i vår kommune, spesielt i første halvår av 2015, då det var vår kommune som hadde leiarskapet i Rådmannsutvalet og i alle faste sektorunderutval av dette. Valdreskommunane fekk 2,1 mill. kr i skjønnsmidlar for dette arbeidet. Rådmannen reknar med at det i fordelinga av desse mellom kommunane vil bli ei utbetaling til Øystre Slidre kommune. Dette ut over 176 513 kr som godtgjering for ordføraren sitt arbeid med kommunefornying i 2015 i eigenskap av leiar i politisk styringsgruppe.
3. I tillegg har kommunen hatt leiarskapet i Ordførarutvalet, gjennom at vår ordførar p.t. er regionleiar. Med vervet har det også vore tillagt leiarskap i kommunestruktur-arbeidet si styringsgruppe og leiing av felles formannskapsmøte.

### Nytt inntektssystem for kommunane frå 2017

Regjeringa har varsla at dei vil gjere ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane, som skal leggast fram i kommuneproposisjonen for 2017 (mai 2016 – Stortingsmelding i juni 2016). Alle delar av systemet skal gjennomgåast. Gjennomgangen er i utgangspunktet ei 4-års oppdatering, men det er også varsla at dette er ein del av kommunereformarbeidet. Det er venta at forslaga til endring vil bli sendt til høyring i kommunane vinter/vår 2016.

KS (kommunesektoren sin interesseorganisasjon) skriv i notat av 4.09.15 at ein kan forvente desse endringane:

1. Gjennomgang av kostnadsnøklar
    a. basis i nye utgreiingar for pleie og omsorg, samt barnevern
    b. kan ikkje forvente at nye områder blir innlemma, eks. kommunale vegar
2. Vurdering av dei regionalpolitiske verkemidla, inndelingstilskottet og smådriftsulemper

3. Ny selskapsskatt frå 2017 – KS meiner dette vil føre til store ulikheiter mellom kommunane.
4. Småkommunetilskott – dette antek ein vil bortfalle frå 2017 (unntak for kommunar som har vedtatt samanslåing (for vår kommune utgjer dette 5 475 000 kr per år).
5. Basistilskott i utgiftsutjamning. Kompensasjon for smådriftsulemper i tenesteproduksjonen. Tilskottet er gitt som fast tilskott per kommune (12,5 mill. kr). Bortfall vil bli kompensert i ein periode på 15-20 år gjennom inndelingstilskottet.
6. Distriktstilskott for Sør-Noreg
   Tilskottet blir utregna ut frå ein indeks basert på svak samfunnsmessig utvikling basert på distriktsindeksen. Den byggjer på sentralitet, reiseavstand, befolkningstettleik, befolkningsstruktur og -utvikling, status i arbeidsmarknad og inntektsnivå. Tilskottet er for lågaste gruppe (indeks under 35) 3 487 000 kr per år. For vår kommune er dette 2 366 000 kr, eller 556 kr per innbyggar (693 kr for indeks under 36) for vår kommune med indeks på 38, (snitt i Oppland er 34 – 38 er høgst i Valdres).
   Dette forventast også inngå i inndelingstilskottet og trappast ned over 15-20 år.
7. Inndelingstilskottet ved kommunesamanslåing
   Tilskottet blir gjeve til kommunar som vedtek samanslåing med nabokommunar innan 30.06.16. Tilskottet justerast årleg med lønns- og prisvekst, og nøytraliserer nesten alle dei negative økonomiske effektane av samanslåing.
   Rådmannen kan i dag ikkje talfeste kva denne varsla omlegginga vil ha å bety for inntektssida i Øystre Slidre kommune dei siste 3 åra i planperioden (2017-19). Rådmannen vil difor varsle at det kan vere aktuelt med eit revidert plan når slik oversikt blir tilgjengeleg, der nødvendige tilpassingstiltak blir foreslege både for å styrke inntektssida og minke kostnadane.

## Eigedomsskatt

Øystre Slidre kommune har eigedomsskatt på verk og bruk.

**Tabell 1-3 Oversikt over eigedomsskatt i Valdres basert på budsjett 2015 (i 1 000 kr)**

| Kommune | Næring i promille | Næring i kroner | Bustad- og fritids-eigedom i promille | Bustad- og fritidseigedom i kroner |
|---|---|---|---|---|
| Etnedal | 7 | 400 | 4 | 6 200 |
| Sør-Aurdal | 7 | 8 300 | 2,5 | 10 000 |
| Nord-Aurdal | 7 | 15 550 | 3.375 | 13 670 |
| Øystre Slidre | 7 | 2 200 | 0 | 0 |
| Vestre Slidre | 7 | 5 000 | 5 | 7 500 |
| Vang | 7 | 8 000 | 0 | 0 |
| **Sum** | **7** | **39 400** | | **37 370** |

a. Regjeringa har foreslege å ta bort eigedomsskatt for verk og bruk for «fastmonterte ikkje-integrerte maskiner», derunder leidningsnett for kraft og tele. Skulle dette bli vedtatt, vil eigedomsskatten for verk og bruk i Øystre Slidre bli nær halvert.
b. Ein eigedomsskatt for bustad og fritidseigedom i Øystre Slidre med 2,5 promille som i Sør-Aurdal, vil venteleg gje ei meirinntekt på mellom 15 og 20 mill. kr per år, der 2/3 vil vere frå fritidsbustadar.

Generelt meiner Rådmannen at kommunestyret har eit ansvar for å utnytte inntektspotensialet i kommunen for å produsere nødvendige tenester til innbyggjarane.

Rådmannen vil også i år varsle at dette er ei inntektsmoglegheit som kan og bør innførast i vår kommune for å halde oppe tenestene til innbyggarar og gjester i kommunen i framtida. Rådmannen vil komme tilbake til dette i eiga sak i 2016.

## 1.1 Økonomisk status i 2015

### 1.1.1 Prognose for drifta i 2015

Prognose per oktober 2015 viser at driftsrekneskapen samla sett ligg i takt med revidert budsjett. Om dette blir det endelege resultatet, vil netto driftsresultat for 2015 ende på om lag 1,1 mill. kr.

**Kraftforvaltninga** synast å få eit resultat litt svakare enn budsjett på grunn av låge kraftprisar i kraftmarknaden i 2015. Men på grunn av at kommunen inngjekk ei fastprisavtale på 58 % av kraftmengda (27,6 øre per kWh), vart mogleg inntektssvikt delvis utlikna. Det var budsjettert med ein kraftpris på 26,5 øre kWh i 2015.

**Finansforvaltninga** ligg samla sett i takt med budsjettet for 2015.

**Lønsbudsjettet** (lønn, pensjon og refusjon sjukelønn) er prognostisert med ei mindreutgift på om lag 2 mill. kr i 2015. Dette i hovudsak på grunn av ekstraordinære vakansar i fleire område i kommunen, ein lågare lønnsvekst enn føresett, samt noko mindre vikarinnleige i IHT enn føresett i budsjettet for 2015.

# 2 Årsbudsjett og økonomiplan

## 2.1 Resultat

Sum driftsinntekter eks momskompensasjon er anslått til 275,5 mill. kr, ei auke på 14,4 mill. kr i forhold til budsjetterte inntekter for 2015.

**Driftsutgiftene** er budsjettert med 263,6 mill. kr.

Kommunelova set som krav til årsbudsjettet at budsjettert brutto driftsresultat skal vera tilstrekkeleg til minst å dekkje renter, avdrag og pliktige avsetjingar.

I budsjettet for 2016 er **brutto driftsresultat** på 11,9 mill. kr.

Årsbudsjett/økonomiplan oppfyller kravet til brutto driftsresultat i heile perioden.

**Netto driftsresultat** ligg i 2016 på 3,9 mill. kr (1,4 % av brutto driftsinntekter).

## 2.2 Økonomiske hovudoversikter

**Tabell 2-1 Netto driftsresultat i økonomiplanperioden – i mill. kr**

| | Rekneskap 2014 | Budsjett 2015 | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | 263,9 | 261,1 | 275,4 | 273,9 | 273,9 | 273,9 |
| Netto driftsresultat | 2,8 | 0,8 | 3,9 | 2,7 | 2,1 | 2,0 |
| **Netto driftsresultat i %** | **1,07 %** | **0,31 %** | **1,41 %** | **1,00 %** | **0,76 %** | **0,73 %** |

### 2.2.1 Økonomisk oversikt drift

**Tabell 2-2 Hovudoversikt drift**

| Hovedoversikt drift | Regnskap 2014 | Budsjett 2015 | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Brukerbetalinger | 10 646 | 10 992 | 10 930 | 10 930 | 10 930 | 10 930 |
| Andre salgs- og leieinntekter | 39 895 | 40 131 | 46 106 | 44 491 | 44 491 | 44 491 |
| Overføringer med krav til motytelse | 18 678 | 13 066 | 14 144 | 14 144 | 14 144 | 14 144 |
| Rammetilskudd | 98 840 | 94 410 | 98 200 | 98 200 | 98 200 | 98 200 |
| Andre statlige overføringer | 7 439 | 8 000 | 13 612 | 13 612 | 13 612 | 13 612 |
| Andre overføringer | 8 656 | 8 030 | 5 790 | 5 790 | 5 790 | 5 790 |
| Skatt på inntekt og formue | 72 467 | 81 000 | 80 900 | 80 900 | 80 900 | 80 900 |
| Eiendomsskatt | 2 228 | 2 200 | 2 200 | 2 200 | 2 200 | 2 200 |
| Andre direkte og indirekte skatter | 5 018 | 3 300 | 3 600 | 3 600 | 3 600 | 3 600 |
| **Sum driftsinntekter** | **263 867** | **261 129** | **275 482** | **273 867** | **273 867** | **273 867** |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønnsutgifter | 130 760 | 137 308 | 143 540 | 143 556 | 143 552 | 143 557 |
| Sosiale utgifter | 26 991 | 29 419 | 28 448 | 28 448 | 28 448 | 28 448 |
| Kjøp av varer og tj som inngår i tj.prod. | 34 671 | 33 294 | 30 445 | 29 748 | 29 717 | 29 752 |
| Kjøp av tjenester som erstatter tj.prod | 36 589 | 36 865 | 45 855 | 45 063 | 45 044 | 44 880 |
| Overføringer | 28 402 | 18 023 | 16 861 | 16 661 | 16 661 | 16 661 |
| Avskrivninger | 14 873 | - | - | - | - | - |
| Fordelte utgifter | -2 183 | -1 522 | -1 552 | -1 552 | -1 552 | -1 552 |
| **Sum driftsutgifter** | **270 102** | **253 387** | **263 597** | **261 924** | **261 870** | **261 746** |
| **Brutto driftsresultat** | **-6 235** | **7 742** | **11 886** | **11 943** | **11 997** | **12 121** |

| Hovedoversikt drift | Regnskap 2014 | Budsjett 2015 | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Finansinntekter** | | | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | 6 352 | 6 990 | 6 025 | 6 025 | 6 025 | 6 025 |
| Kursgevinst | 94 | - | - | - | - | - |
| Mottatte avdrag på utlån | 14 | 115 | 115 | 115 | 115 | 115 |
| **Sum eksterne finansinntekter** | **6 460** | **7 105** | **6 140** | **6 140** | **6 140** | **6 140** |
| **Finansutgifter** | | | | | | |
| Renteutgifter og låneomkostninger | 3 822 | 4 940 | 4 053 | 4 553 | 5 053 | 5 053 |
| Kurstap | 71 | - | - | - | - | - |
| Avdrag på lån | 8 348 | 9 100 | 10 100 | 10 800 | 11 000 | 11 200 |
| Utlån | 26 | - | - | - | - | - |
| **Sum eksterne finansutgifter** | **12 268** | **14 040** | **14 153** | **15 353** | **16 053** | **16 253** |
| **Resultat eksterne finanstransaksjoner** | **-5 808** | **-6 935** | **-8 013** | **-9 213** | **-9 913** | **-10 113** |
| Motpost avskrivninger | 14 873 | - | - | - | - | - |
| **Netto driftsresultat** | **2 830** | **807** | **3 873** | **2 730** | **2 084** | **2 008** |
| **Interne finanstransaksjoner** | | | | | | |
| Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforb | 2 920 | - | - | - | - | - |
| Bruk av disposisjonsfond | 12 762 | 7 630 | 872 | - | 331 | - |
| Bruk av bundne fond | 4 221 | 15 460 | 3 740 | 3 740 | 3 740 | 3 740 |
| **Sum bruk av avsetninger** | **19 902** | **23 090** | **4 612** | **3 740** | **4 071** | **3 740** |
| Avsatt til disposisjonsfond | 14 603 | 19 219 | - | 574 | - | 24 |
| Avsatt til bundne fond | 8 129 | 4 678 | 8 484 | 5 896 | 6 155 | 5 724 |
| **Sum avsetninger** | **22 732** | **23 897** | **8 484** | **6 470** | **6 155** | **5 748** |
| **Regnskapsmessig mer/mindreforbruk** | **-** | **-** | **-** | **-** | **-** | **-** |

## 2.2.2 Økonomisk oversikt investering

**Tabell 2-3 Hovudoversikt - investeringar**

| Hovedoversikt investeringer | Regnskap 2014 | Budsjett 2015 | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Inntekter** | | | | | | |
| Salg av driftsmidler og fast eiendom | 225 | 1 000 | 3 000 | 6 000 | 6 000 | 6 000 |
| Andre salgsinntekter | 64 | - | - | - | - | - |
| Overføringer med krav til motytelse | 2 114 | 1 475 | 1 475 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| Kompensasjon for merverdiavgift | 4 647 | 6 214 | 6 900 | 1 100 | 1 400 | 1 000 |
| Statlige overføringer | - | - | 4 320 | 13 000 | 15 000 | - |
| Andre overføringer | 133 | - | - | - | - | - |
| **Sum inntekter** | **7 183** | **8 689** | **15 695** | **21 100** | **23 400** | **8 000** |
| **Utgifter** | | | | | | |
| Kjøp av varer og tj som inngår i tj.prod | 24 304 | 56 770 | 56 465 | 45 500 | 52 800 | 11 500 |
| Kjøp av tjenester som erstatter tj.prod | 78 | - | - | - | - | - |
| Overføringer | 4 647 | 400 | - | - | - | - |
| **Sum utgifter** | **29 032** | **57 170** | **56 465** | **45 500** | **52 800** | **11 500** |
| **Finanstransaksjoner** | | | | | | |
| Avdrag på lån | 135 | 1 000 | 3 000 | 6 000 | 6 000 | 6 000 |
| Utlån | 215 | - | - | - | - | - |
| Kjøp av aksjer og andeler | 561 | 4 100 | 4 100 | 600 | 600 | 600 |
| Avsatt til ubundne investeringsfond | 768 | 1 000 | 3 000 | 6 000 | 6 000 | 6 000 |
| **Sum finansieringstransaksjoner** | **1 679** | **6 100** | **10 100** | **12 600** | **12 600** | **12 600** |

| Hovedoversikt investeringer | Regnskap 2014 | Budsjett 2015 | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Finansieringsbehov** | **23 528** | **54 581** | **50 870** | **37 000** | **42 000** | **16 100** |
| **Dekket slik:** | | | | | | |
| Bruk av lån | 23 019 | 44 600 | 41 370 | 29 000 | 32 500 | 5 000 |
| Mottatte avdrag på utlån | 510 | 500 | 500 | 500 | 500 | 500 |
| Bruk av disposisjonsfond | - | 8 481 | 6 000 | 1 500 | 3 000 | 4 600 |
| Bruk av ubundne investeringsfond | - | 1 000 | 3 000 | 6 000 | 6 000 | 6 000 |
| **Sum finansiering** | **23 528** | **54 581** | **50 870** | **37 000** | **42 000** | **16 100** |
| **Udekket/udisponert** | **-** | **-** | **-** | **-** | **-** | **-** |

# 2.3 Organisasjon

## 2.3.1 Utvikling i årsverk

**Tabell 2-4 Utvikling i årsverk på verksemdsnivå**[1]

| Avdeling | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Felles område 1, 4 og 5 (Tidl. sentraladm. og KUN)** | | | | | | | | | | |
| Administrativ leiing | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 2,0 | 2,0 |
| Sentraladministrasjon | 7,2 | 6,2 | 6,0 | 4,8 | 4,8 | 4,8 | - | - | - | - |
| Kommunekasse | 6,0 | 6,0 | 5,6 | 5,0 | 5,9 | 5,0 | - | - | - | - |
| Stab | - | - | - | - | - | - | 9,4 | 10,2 | 9,6 | 9,3 |
| Administrasjon KUN | 2,6 | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 2,8 | 2,8 | - | - | - | - |
| Plan og bygg | 5,6 | 6,2 | 5,4 | 6,6 | 6,2 | 6,3 | - | - | - | - |
| Næring og miljø | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | - | - | - | - |
| Næring og byggesak | - | - | - | - | - | - | 7,1 | 6,9 | 6,8 | 7,1 |
| Planavd | - | - | - | - | - | - | 6,0 | 6,6 | 5,6 | 5,5 |
| Brannvern | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 | - | - | - | - |
| Kommunale bygg | 15,6 | 16,0 | 16,8 | 15,9 | 17,2 | 17,0 | - | - | - | - |
| Utbygging og drift | 8,0 | 8,0 | 7,0 | 8,0 | 7,0 | 7,0 | - | - | - | - |
| Teknisk drift | - | - | - | - | - | - | 24,7 | 25,1 | 24,0 | 25,5 |
| **Totalt** | **50,0** | **50,2** | **48,6** | **48,1** | **48,9** | **47,9** | **48,2** | **49,8** | **47,9** | **49,4** |
| | | | | | | | | | | |
| **Område 2 - Læring og kultur** | | | | | | | | | | |
| Administrasjon SB | 3,6 | 3,6 | 3,6 | 2,6 | 2,6 | 2,4 | 1,8 | 1,0 | 2,0 | 2,0 |
| BHSS + logoped | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 2,9 | 2,2 | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 2,2 |
| Barnehage | 23,6 | 28,7 | 28,5 | 28,6 | 29,3 | 28,9 | - | - | - | - |
| Rogne barnehage | - | - | - | - | - | - | 10,9 | 11,0 | 11,5 | 13,5 |
| Tingvang barnehage | - | - | - | - | - | - | 10,5 | 9,2 | 9,6 | 5,3 |
| Beito barnehage | - | - | - | - | - | - | 9,8 | 10,3 | 10,1 | 9,7 |
| SFO | 1,2 | 1,1 | 1,0 | 1,2 | 0,9 | 1,2 | - | - | - | - |
| Grunnskule | 51,2 | 51,0 | 49,5 | 48,9 | 49,7 | 51,1 | - | - | - | - |
| ØSUS | - | - | - | - | - | - | 18,6 | 17,5 | 17,2 | 17,7 |
| Rogne skule inkl. SFO | - | - | - | - | - | - | 17,5 | 16,5 | 17,4 | 16,9 |
| Lidar skule inkl. SFO | - | - | - | - | - | - | 19,0 | 19,1 | 17,4 | 17,9 |
| Kultur | 2,3 | 2,2 | 2,1 | 2,1 | 2,2 | 2,2 | - | - | - | - |
| Kulturskule | 3,1 | 3,4 | 3,3 | 3,8 | 3,1 | 3,6 | - | - | - | - |
| Kultur | - | - | - | - | - | - | 6,5 | 6,6 | 7,0 | 7,3 |

[1] Omorganisering frå 2013 gjer det mindre relevant å samanlikne med tidlegare år.

| Avdeling | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Vaksenopplæring | 0,4 | 0,4 | 0,4 | 0,2 | - | - | - | - | - | |
| **Totalt** | **88,4** | **93,4** | **91,4** | **90,5** | **90,7** | **91,6** | **96,6** | **93,2** | **94,2** | **92,5** |
| | | | | | | | | | | |
| **Område 3 - Helse og omsorg** | | | | | | | | | | |
| Administrasjon HV | 3,4 | 3,4 | 3,5 | 2,8 | 3,4 | 2,8 | 1,8 | 1,0 | 1,0 | 1,0 |
| Systemkontor | - | - | - | - | - | 1,0 | 1,8 | 1,8 | 1,8 | 1,8 |
| Barnevern | - | - | - | 1,7 | - | - | - | - | - | - |
| Sjukeheimen | 39,3 | 39,0 | 38,8 | 41,5 | 41,7 | 42,3 | - | - | - | - |
| Heimetenesta | 21,9 | 22,0 | 24,9 | 25,7 | 26,3 | 27,6 | - | - | - | - |
| IHT | - | - | - | - | - | - | 66,8 | 66,7 | 63,8 | 59,7 |
| Arbeid/aktivitet | 4,9 | 4,8 | 4,8 | 5,6 | 5,6 | 5,6 | - | - | - | - |
| Helseavdelinga | 8,1 | 8,0 | 7,4 | 7,7 | 8,2 | 8,2 | 17,2 | 18,6 | 18,8 | 18,8 |
| Miljøtenesta | 9,7 | 13,3 | 15,2 | 15,5 | 16,4 | 16,3 | 16,5 | 16,3 | 17,8 | 18,3 |
| Sosialavd. | 2,5 | 2,5 | 3,2 | - | - | - | - | - | - | - |
| NAV | - | - | - | 1,7 | 1,5 | - | - | - | - | - |
| **Totalt** | **89,8** | **93,0** | **97,8** | **102,2** | **103,1** | **103,8** | **104,1** | **104,4** | **103,1** | **99,6** |
| | | | | | | | | | | |
| **SUM** | **228,2** | **236,6** | **237,8** | **240,8** | **242,7** | **243,3** | **248,9** | **247,4** | **245,3** | **241,5** |

**Figur 2-1 Utvikling i årsverk 2007-16**



**Figur 2-2 Relativ utvikling i årsverk totalt og for kvar sektor. Gjennomsnittet for perioden 2007–2011 er sett lik 100**




## 2.3.2 Stillingsramme

**Tabell 2-5 Stillingsramme på områdenivå**

| Område | 2016 | 2015 | Endring |
|---|---|---|---|
| 1 - Sentrale politiske og adm. styringsorgan | 16,8 | 17,2 | -0,4 |
| 2 - Læring og kultur | 92,5 | 94,2 | -1,7 |
| 3 - Helse og omsorg | 99,6 | 102,7 | -3,1 |
| 4 - Teknisk drift | 25,5 | 24,0 | 1,5 |
| 5 - Næring og bygg | 7,1 | 6,8 | 0,3 |
| **Totalt** | **241,5** | **244,9** | **-3,4** |
| 210 - Lærlingverksemda | 7,0 | 6,0 | 1,0 |

# 2.4 Driftsbudsjettet

## 2.4.1 Generelt

**Vesentlege delar av driftsbudsjettet er basert på eksterne prognoser og vurderingar:**

1. Økonomiske resultat i flyktningtenesta blir omtala i kap. 8.
2. Løn og pensjon blir omtala i kap. 2.4.5.
   a. Pensjonsutgiftene er basert på prognoser utarbeida av Statens pensjonskasse og KLP.
   b. Lønsutvikling er basert på SSB sine prognoser.
3. Interkommunale tenester
   a. Budsjettet er basert på budsjettframlegg frå vertskommunar.
4. Skatteanslaget for 2016 blir omtala i kap. 2.4.2.
   a. Skatteanslaget for 2016 er basert på KS sine prognoser med bakgrunn i framlagt forslag til statsbudsjett for 2016

5. Rammetilskott og statstilskott for 2016
    a. Budsjettet er basert på framlagt forslag til statsbudsjett for 2016.
6. Kraftinntekter i 2016 blir omtala i 2.4.3.
    a. Kraftprisen er basert på prognoser utarbeida av kraftforvaltar Axpo Nordic A/S.

**Tabell 2-6 Endringar i nettoutgiftene per verksemd i kr og i %**

| | Nettobudsjett pr verksemd | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Endring i kr | Endring i % | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | POLITISK LEIING | 1 973 | 2 101 | -128 | -6,1 % | 1 861 |
| 11 | ADM. LEIING OG FELLESTENESTER | 4 658 | 4 654 | 4 | 0,1 % | 3 800 |
| 12 | STAB | 6 787 | 7 731 | -944 | -12,2 % | 6 424 |
| 15 | PLAN | 4 154 | 4 354 | -200 | -4,6 % | 4 193 |
| **1** | **Sentrale politiske og adm organ** | **17 572** | **18 840** | **-1 268** | **-6,7 %** | **16 278** |
| 20 | OPPLÆRING OG KULTUR FELLES | 6 678 | 6 516 | 162 | 2,5 % | 5 808 |
| 21 | Ø SLIDRE UNGDOMSSKULE | 13 346 | 12 636 | 710 | 5,6 % | 12 426 |
| 22 | ROGNE SKULE | 11 011 | 11 656 | -646 | -5,5 % | 11 207 |
| 23 | LIDAR SKULE | 12 309 | 12 068 | 241 | 2,0 % | 12 758 |
| 25 | TINGVANG BARNEHAGE | 2 277 | 4 166 | -1 889 | -45,3 % | 4 274 |
| 26 | ROGNE BARNEHAGE | 6 405 | 5 006 | 1 399 | 27,9 % | 4 974 |
| 27 | BEITO BARNEHAGE | 4 398 | 4 525 | -127 | -2,8 % | 4 528 |
| 29 | KULTUR | 9 107 | 9 364 | -257 | -2,7 % | 9 474 |
| **2** | **Opplæring og Kultur** | **65 530** | **65 937** | **-407** | **-0,6 %** | **65 449** |
| 30 | HELSE OG OMSORG FELLES | 5 631 | 4 047 | 1 584 | 39,1 % | 2 219 |
| 31 | HELSETENESTA | 14 892 | 13 344 | 1 548 | 11,6 % | 14 406 |
| 33 | SOSIALE TENESTER | 8 585 | 7 358 | 1 227 | 16,7 % | 8 142 |
| 36 | IHT | 41 120 | 42 276 | -1 156 | -2,7 % | 41 746 |
| 39 | MILJØTENESTA | 13 191 | 12 700 | 491 | 3,9 % | 11 872 |
| **3** | **Helse og Omsorg** | **83 419** | **79 725** | **3 694** | **4,6 %** | **78 386** |
| 4 | Tekniske tenester | 14 692 | 11 657 | 3 035 | 26,0 % | 14 382 |
| 5 | Næring Byggesak | 6 016 | 5 995 | 21 | 0,4 % | 5 667 |
| | **Sum kommunale verksemder** | **187 229** | **182 154** | **5 075** | **2,8 %** | **180 162** |
| 80 | KRAFTFORVALTNING | -6 021 | - | -6 021 | | 1 332 |
| 81 | FINANSFORVALTNING | 9 628 | 8 550 | 1 078 | 12,6 % | 8 261 |
| 90 | SKATT OG RAMMETILSKOTT MM | -182 600 | -178 910 | -3 690 | 2,1 % | -176 330 |
| 95 | FOND OG AVSKRIVNINGAR | -8 236 | -11 794 | 3 559 | -30,2 % | -13 426 |
| | **Avstemming** | **-** | **-** | **-** | | **-** |

## 2.4.2 Frie inntekter

Anslag frie inntekter for Øystre Slidre kommune for 2016 er på 179,1 mill. kr. Av dette er det lagt til grunn 80,9 mill. kr i skatteinntekter (inkl. skatteutjamning og naturressursskatt).

KS har utarbeida to alternativ for prognose for 2016. Kommunen har vald å legge til grunn det lågaste alternativet, som gir 2,1 % vekst i frie inntekter. Kommunen sine frie inntekter i

framlagt forslag til statsbudsjett viser til ein vekst på 3 % i frie inntekter frå 2015 til 2016. Avvik mellom desse prognosane utgjer 700 000 kr.

I motsetning til året 2015 får Øystre Slidre kommune småkommunetilskott på 5 475 000 kr i 2016.

### 2.4.3 Kraftinntekter

Øystre Slidre kommune disponerer ei kraftmengde på 54,5 GWh. Om lag 5 GWh av krafta blir brukt i eigne bygg. Resten av krafta er i 2016 føresett omsett på Nord Pool gjennom avtale med Axpo Nordic A/S.

I budsjett/økonomiplan er det lagt til grunn ein marknadspris på 22,0 øre kWh.

Øystre Slidre kommune har renteberande ansvarleg lån på 20 mill. kr i Valdres Energi AS og på 4,9 mill. kr i Eidsiva Energi AS.

Det er budsjettert med 1,5 mill. kr i utbytte frå kraftselskap.

### 2.4.4 Andre inntekter

Det er budsjettert med 3,7 mill. kr i årleg inntekt av konsesjonsavgifter. Desse inntektene er brukt til delfinansiering av avdrag. Eigedomsskatt på verk og bruk er budsjettert med 2,2 mill. kr årleg, fordelt på 1,3 mill. kr frå kraftproduksjonsanlegg og 0,9 mill. kr frå lokale produksjonsverksemder.

### 2.4.5 Lønnskostnader

Til grunn for budsjettet ligg ein årslønnsvekst frå 2015 til 2016 på 3,4 % (SSB-prognose + 0,5 %).

Prognoser viser at lønnsbudsjettet i Øystre Slidre kommune (lønn/sosiale utgifter og refusjon sjukelønn/fødselspengar) samla vil ha eit netto underforbruk også i 2015, mellom anna fordi lønnsoppgjeret vart noko rimelegare enn føresett, samt vakansar i faste stillingar (særleg i IHT-området). I tillegg vart det gjort ei ekstraordinær tilbakebetaling av overskott frå KLP i september.

I budsjettet for 2016 er pensjonsutgiftene budsjettert i samsvar med prognoser frå KLP/SPK. Netto premieavvik for 2016 er budsjettert med 2,7 mill. kr. Akkumulert premieavvik (betalte, men ikkje rekneskapsførte kostnader) i KLP vil ved utgangen av året være på ca. 22,8 mill. kr.

Samla pensjonskostnader i driftsbudsjettet for 2016 er på 18,3 mill. kr, mot 19,3 mill. i 2015. Dette er ein nedgang på 1,0 mill. kr (5,3 %).

## 2.5 Investeringar

Det er oppført investeringar med brutto finansieringsbehov på 63,5 mill. kr i 2016. Dette fordeler seg med 15,7 mill. kr til prosjekt innan vatn- og avløpsområdet og 47,9 mill. kr til prosjekt relatert til kommunale bygg. Kommentarar til prosjekta er oppført i kap. 15.

## 2.5.1 Finansiering av investeringane

**Tabell 2-7 Finansiering av investeringane**

| | | 2015 | | Økonomiplan 2016-2019 | | | | B16-19 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | **Budsj 15** | **Prog 15** | **2016** | **2017** | **2018** | **2019** | **Sum** |
| 3670 | Sal av tomter | -1 000 | -500 | -1 000 | -1 000 | -1 000 | -1 000 | **-4 000** |
| 3670 | Sal Klyppemyrhaugen | | 0 | -2 000 | -5 000 | -5 000 | -5 000 | **-17 000** |
| 3700 | Statstilskott statsbudsj 16 | | 0 | -320 | | | 0 | **-320** |
| 3700 | Statstilskott omsorgstun | | | 0 | -13 000 | -15 000 | 0 | **-28 000** |
| 3700 | Statstilskott bustad Moav. 40 % | | 0 | -4 000 | | | 0 | **-4 000** |
| 3920 | Mottatte avdrag startlån | -500 | -500 | -500 | -500 | -500 | -500 | **-2 000** |
| 3730 | Oppland Fylke | -475 | -475 | -475 | | | 0 | **-475** |
| 3970 | Bidrag Sentrumsutv.Beitost | -1 000 | -1 000 | -1 000 | -1 000 | -1 000 | -1 000 | **-4 000** |
| 3940 | Bruk av disp.fond | -3 000 | 0 | -3 000 | -1 500 | -3 000 | -4 600 | **-12 100** |
| 3943 | Bruk av disp.fond kraft | -5 481 | 0 | -3 000 | | | -5 000 | **-8 000** |
| 3948 | Bruk ubunde invest fond | -1 000 | -500 | -3 000 | -6 000 | -6 000 | -6 000 | **-21 000** |
| 3970 | Momskomp invest | -5 594 | -3 738 | -6 900 | -1 100 | -1 400 | -1 000 | **-10 400** |
| 3910 | Lån VA | -22 800 | 0 | -15 700 | -20 000 | -15 800 | 0 | **-51 500** |
| 3910 | Lån anna ( ubrukte lån 2015) | -22 420 | -15 126 | -25 670 | -9 000 | -16 700 | 0 | **-51 370** |
| | **Sum finansiering** | **-63 270** | **-21 839** | **-66 565** | **-58 100** | **-65 400** | **-24 100** | **-214 165** |
| | **Nye lån** | -45 220 | -15 126 | -41 370 | -29 000 | -32 500 | 0 | **-102 870** |
| | Rentesats | 2,5 % | 2,0 % | 2,0 % | 2,0 % | 2,0 % | | |
| | Avdragstid 30 år | 1 507 | 504 | 1 379 | 967 | 1 083 | 0 | |
| | Årleg rente | 1 131 | 378 | 827 | 580 | 650 | 0 | |
| | **Sum effekt på drift** | **2 638** | **882** | **2 206** | **1 547** | **1 733** | **0** | |

| Lærar grunnskule | 13,7 | 13,2 | 0,5 | Endring i behov |
| Sekretær | 0,2 | 0,2 | 0,0 | |
| **Totalt** | **17,9** | **17,4** | **0,5** | |

**Tabell 7-18 Økonomiske hovudtal - Lidar skule**

| | 23 LIDAR SKULE | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 10 | LØN OG SOSIALE UTGIFTER | 11 211 000 | 10 573 000 | 10 875 917 |
| 11 | KJØP AV VARER OG TENESTER | 1 246 000 | 1 300 000 | 1 268 668 |
| 12 | INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V. | 32 000 | 32 000 | 416 076 |
| 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 962 000 | 823 000 | 1 008 803 |
| 14 | OVERFØRINGAR | - | - | 105 012 |
| | **Sum utgifter** | **13 451 000** | **12 728 000** | **13 674 476** |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -397 000 | -263 000 | -282 098 |
| 17 | REFUSJONER | -745 000 | -397 000 | -627 875 |
| 18 | STATSTILSKOT | - | - | -6 787 |
| | **Sum inntekter** | **-1 142 000** | **-660 000** | **-916 760** |
| | **Sum 23 LIDAR SKULE** | **12 309 000** | **12 068 000** | **12 757 716** |

## 7.2.4 Rogne skule – stillingsramme og økonomiske hovudtal

**Tabell 7-19 Stillingsramme - Rogne skule**

| Stilling | 2016 | 2015 | Endring | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| Rektor | 1,0 | 1,0 | 0,0 | |
| Fagarbeidar/assistent SFO | 0,3 | 0,6 | -0,3 | Endring i behov |
| Fagarbeidar/assistent skule | 1,8 | 1,9 | -0,2 | Endring i behov |
| Lærar grunnskule | 13,7 | 13,7 | 0,0 | |
| Sekretær | 0,2 | 0,2 | 0,0 | |
| **Totalt** | **16,9** | **17,4** | **-0,5** | |

**Tabell 7-20 Økonomiske hovudtal - Rogne skule**

| | 22 ROGNE SKULE | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 10 | LØN OG SOSIALE UTGIFTER | 10 664 000 | 10 722 000 | 10 333 741 |
| 11 | KJØP AV VARER OG TENESTER | 1 297 000 | 1 358 000 | 994 506 |
| 12 | INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V. | 36 000 | 36 000 | 298 386 |
| 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 1 106 000 | 946 000 | 1 159 529 |
| 14 | OVERFØRINGAR | - | - | 93 392 |
| | **Sum utgifter** | **13 103 000** | **13 062 000** | **12 879 554** |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -299 000 | -387 000 | -344 988 |
| 17 | REFUSJONER | -1 793 500 | -1 019 000 | -1 328 001 |
| 18 | STATSTILSKOT | - | - | 154 |
| | **Sum inntekter** | **-2 092 500** | **-1 406 000** | **-1 672 835** |
| | **Sum 22 ROGNE SKULE** | **11 010 500** | **11 656 000** | **11 206 720** |

## 7.2.5 Tiltak i grunnskulen

- Dei tre skulane fortset arbeidet med «Leiing av læring», og det vert arbeida systematisk med pedagogisk analyse og kollektiv læring i kollegia gjennom erfaringsdeling og refleksjon.

- Lærarane nyttar verktøyet «Pedagogisk analyse».
- På alle skulane har ein fokus på den grunnleggande ferdigheita lesing. Skulane er no godt i gang med kompetanseheving i den grunnleggande ferdigheita rekning. Skulane har leigd inn eksternkompetanse til dette.
- Det vert arbeida for å få til eit endå betre samarbeid heim-skule.
- For å sikre gode overgangar frå barnehage til skule er det no starta opp eit samarbeid mellom barnehagane og skulane.
- Budsjettet til innkjøp av varer og teneste er redusert med 120 000 kr på kvar skule.

## 7.3 Barnehage

### 7.3.1 Sentrale føringar og utviklingstrekk

**Lov om barnehagar med Forskrift om rammeplan**

Denne er styrande for barnehagen sitt samfunnsmandat, innhald og sine oppgåver. Barnehagen skal ha ein helsefremmande og førebyggande funksjon, og bidra til å utjamne sosiale forskjellar. Innhaldet skal bygge eit heilskapleg læringssystem der omsorg, leik og læring er sentrale delar. I tillegg er sosial og språkleg kompetanse, samt sju fagområde, viktige delar av barnehagen sitt læringsmiljø. Lov om barnehagar, § 12, lovfestar rett til barnehageplass når barnet fyller eitt år før utgangen av august.

Rammeplanen gjev barnehagen ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd. Barnehageeigar kan tilpasse rammeplane til lokale tilhøve.

**St. meld. 41 (2008-2009) Kvalitet i barnehagen.**

Regjeringa har valt tre hovudområde for kvalitetsarbeidet i barnehagen:

1. sikre likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar
2. styrke barnehagane som læringsarena
3. alle barn skal få delta i eit aktivt i eit inkluderande fellesskap

**Status**

Per 31.08.15 hadde 117 barn plass i dei kommunale barnehagane i Øystre Slidre:

- Beito barnehage: 36 barn
- Rogne barnehage: 49 barn
- Tingvang barnehage: 32 barn

I tillegg hadde 21 barn plass i Heggebø private barnehage.

Samla sett har kommunen nok personell med pedagogisk kompetanse i barnehagane.

Kommunestyret vedtok i sak 020/07 "*Organisering av barnehagetilbodet i Øystre Slidre*" m.a. følgjande:

> *Øystre Slidre skal ha full barnehagedekning og Rådmannen har fullmakt til å bemanne etter behov.*

Som ein konsekvens av kommunestyrevedtaket, tek kommunen inn nye barn i barnehagane gjennom heile året (sjølv om hovudopptaket skjer på våren), og justerer bemanninga opp og ned etter behovet gjennom året. På denne måten er det i prinsippet aldri overbemanning i barnehagen, men det er også vanskeleg i økonomiplanen å fastslå med sikkerheit kor stor bemanning det trengst i barnehagen komande år og i økonomiplanperioden.

Kommunen ligg lågare i driftsutgifter på barnehageområdet enn kommunegruppe 2 og Oppland.

Kompetanse på å arbeide med språkutvikling hos barnehagebarn er auka ved at alle pedagogane har hatt tilbod om å delta på systematisk kompetanseheving. Dei tilsette i barnehagane er opptekne av at kvart barn vert sett, høyrt og blir vist omsorg.

## 7.3.2 Beito barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal

**Tabell 7-21 Stillingsramme - Beito barnehage**

| Stilling | 2016 | 2015 | Endring | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| Barnehagestyrar | 1,0 | 1,0 | 0,0 | |
| Fagarbeidar/assistent | 5,7 | 6,2 | -0,5 | |
| Pedagogisk leiar | 3,0 | 2,9 | 0,1 | |
| **Totalt** | **9,7** | **10,1** | **-0,4** | |

**Tabell 7-22 Økonomiske hovudtal - Beito barnehage**

| | 27 BEITO BARNEHAGE | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 10 | LØN OG SOSIALE UTGIFTER | 5 501 000 | 5 633 000 | 5 433 629 |
| 11 | KJØP AV VARER OG TENESTER | 240 000 | 240 000 | 205 759 |
| 12 | INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V. | 15 000 | 15 000 | 18 290 |
| 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 66 000 | 56 000 | 68 752 |
| 14 | OVERFØRINGAR | - | - | 37 722 |
| 15 | FINANSERINGSUTGIFTER | - | - | 22 472 |
| | **Sum utgifter** | **5 822 000** | **5 944 000** | **5 786 624** |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -991 000 | -1 125 000 | -1 018 000 |
| 17 | REFUSJONER | -432 800 | -294 000 | -240 168 |
| | **Sum inntekter** | **-1 423 800** | **-1 419 000** | **-1 258 168** |
| | **Sum 27 BEITO BARNEHAGE** | **4 398 200** | **4 525 000** | **4 528 456** |

## 7.3.3 Tingvang barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal

**Tabell 7-23 Stillingsramme - Tingvang barnehage**

| Stilling | 2016 | 2015 | Endring | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| Barnehagestyrar | 0,6 | 1,0 | -0,4 | |
| Fagarbeidar/assistent | 2,9 | 5,8 | -2,9 | |
| Pedagogisk leiar | 1,8 | 2,8 | -1,1 | |
| **Totalt** | **5,3** | **9,6** | **-4,3** | **Nedlagt frå 1. aug** |

**Tabell 7-24 Økonomiske hovudtal – Tingvang barnehage**

| | 25 TINGVANG BARNEHAGE | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 10 | LØN OG SOSIALE UTGIFTER | 3 130 000 | 5 258 000 | 5 148 640 |
| 11 | KJØP AV VARER OG TENESTER | 194 000 | 194 000 | 236 529 |
| 12 | INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V. | 16 000 | 16 000 | 10 427 |
| 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 66 000 | 56 000 | 68 752 |
| 14 | OVERFØRINGAR | - | - | 41 312 |
| | **Sum utgifter** | **3 406 000** | **5 524 000** | **5 505 660** |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -852 000 | -1 077 000 | -908 544 |
| 17 | REFUSJONER | -277 000 | -281 000 | -320 018 |
| 19 | FINANSINNTEKTER | - | - | -3 145 |
| | **Sum inntekter** | **-1 129 000** | **-1 358 000** | **-1 231 707** |
| | **Sum 25 TINGVANG BARNEHAGE** | **2 277 000** | **4 166 000** | **4 273 953** |

## 7.3.4 Rogne barnehage – stillingsramme og økonomiske hovudtal

**Tabell 7-25 Stillingsramme - Rogne barnehage**

| Stilling | 2016 | 2015 | Endring | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| Barnehagestyrar | 1,2 | 1,0 | 0,2 | |
| Fagarbeidar/assistent | 7,2 | 5,7 | 1,6 | |
| Pedagogisk leiar | 5,1 | 4,8 | 0,3 | |
| **Totalt** | **13,5** | **11,5** | **2,1** | **Overført ressurs frå Tingvang frå 1. aug** |

**Tabell 7-26 Økonomiske hovudtal - Rogne barnehage**

| | 26 ROGNE BARNEHAGE | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 10 | LØN OG SOSIALE UTGIFTER | 8 001 000 | 6 356 000 | 6 220 211 |
| 11 | KJØP AV VARER OG TENESTER | 245 000 | 245 000 | 310 741 |
| 12 | INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V. | 22 000 | 22 000 | 107 534 |
| 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 66 000 | 56 000 | 68 752 |
| 14 | OVERFØRINGAR | - | - | 71 821 |
| | **Sum utgifter** | **8 334 000** | **6 679 000** | **6 779 058** |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -1 307 000 | -1 312 000 | -1 211 963 |
| 17 | REFUSJONER | -622 400 | -361 000 | -591 813 |
| 19 | FINANSINNTEKTER | - | - | -1 047 |
| | **Sum inntekter** | **-1 929 400** | **-1 673 000** | **-1 804 823** |
| | **Sum 26 ROGNE BARNEHAGE** | **6 404 600** | **5 006 000** | **4 974 236** |

## 7.3.5 Tiltak i barnehagen

- tildele barnehageplass etter fylte eitt år
- frå 15. august 2015 vart opningstid i barnehagane kl. 07.00-17.00
- kontinuerleg justere bemanning etter tal på plassar i barnehagen
- redusert med 200 % stilling frå hausten 2016, sidan det vert færre barn i barnehagen (stor barnekull ut – lite barnekull inn)
- samarbeidet om kompetanseheving og kvalitetsutvikling av barnehagane i valdresregionen held fram

- det pedagogiske utviklingsarbeidet i barnehagane har no fokus på «Arbeid med språkmiljø og språkstimulering i barnehagen», eit refleksjonsverktøy som involverer alle dei tilsette i kollektviv læring

## 7.4 Kultur

**Verksemda omfattar:**

- kultur
- kulturskule
- bibliotek
- frivilligsentral

### 7.4.1 Sentrale føringar og utviklingstrekk

**Kulturlova §1**

Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk.

**Kulturløftet I & II (2005-2009&2009-2014)**

Kulturløftet hevar kulturen sin status som samfunns- og politikkområde. Regjeringa har ein visjon om at Noreg skal vere ein leiande kulturnasjon som legg vekt på kultur i alle delar av samfunnslivet. Kunst og kultur har stor verdi i seg sjølv. Samtidig har kultur stor betyding for andre samfunnsmål som næringsutvikling og arbeidsplassar, integrering og inkludering, helse, læring og kreativitet.

### 7.4.2 Status

**Kulturskulen**

Kulturskulen gjev eit breitt tilbod i alle kunstfag. 190 elevar får undervisning kvar veke i eigne lokale over biblioteket, samt på Lidar skule, Rogne skule og i barnehagane.

Prosjektmidlar gjer det mogeleg å vere ute på skulane og i barnehagane med kulturaktivitetar retta mot klassisk musikk og folkemusikk.

Det er venteliste på gitar, song og slagverk. Fleire elevar deltek på talentprogram; på Barratt Dues musikkinstitutt, Gjøvik kulturskole og Valdresakademiet. Kulturskulen har høg aktivitet og mange eigne førestillingar gjennom året. I tillegg blir elevane ofte spurt om å opptre på ulike arrangement både i og utanfor kommunen. Kulturskulen driv billig per elev.

Ny rammeplan for kulturskular er nett vedteken og arbeidet med å implementere denne er i gang.

**Biblioteket**

Biblioteket har gode lokale, stort besøk og høgt utlån. Utvidinga med skulebibliotek både på Rogne skule og Lidar skule fungerer bra, og gjev høve til direkte formidling til barn og unge. I tillegg til ordinær verksemd, er biblioteket involvert i eit ytringsfridomsprosjekt for ungdom og søkjer støtte frå Nasjonalbiblioteket til arena- og arrangementsutvikling med følgjande satsingsområde:

1. Spelerom – vi halverar magasinet for å gje plass til eit "gamingrom" for ungdom
2. Bokpub – 5 fredagskveldar med hovudmålgruppe unge vaksne
3. Lån ein innbyggjar – samtaler med flyktningar over ein kaffikopp i biblioteket
4. Lått og leven – song, dans og eventyrstund for barn i aldersgruppa 3 – 8 år

### Ungdomsklubb

Ungdomsklubben er eit stabilt og godt tilbod, med jamt høgt besøkstall. Entusiasmen er stor, med planer om nytt ungdomshus og eit uteområde rundt som kan innehalde både scene, amfi og skatepark.

### Kultur og idrett

"Den kulturelle skulesekken" og "Den kulturelle spaserstokken" gjev gode kulturtilbod til skuleelevar og til eldre. Lag og organisasjonar har moglegheit til å søkje kulturtilskott – i budsjettet for 2016 er det sett av 862 000 kr til dette.

Idrettslag får hjelp til å søkje eksterne spelemiddel til idrettsanlegg, og kan også søkje frå kommunale middel.

Fjellstafetten har i over ti år vore eit veldig godt tiltak for å få folk ut på tur, og fenger både fastbuande og tilreisande. 598 personar fullførte heile stafetten i 2015.

### Frivilligsentralen

Frivilligsentralen har etablert gode rutinar for hjelpeoppdrag og informerer særs godt om dei mange aktivitetane og tilboda dei gjev. Frivilligsentralen har 13 faste aktivitetar og mange enkeltarrangement.

## 7.4.3 Kulturtilskott

**Tabell 7-27 Kulturtilskott i Øystre Slidre kommune**

| Tilskott og overføringar til kultur, idrett og friluftsliv | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|
| 2511/2514 Tilskott idrett og friluftsliv | 811 000 | 727 000 | 1 136 000 |
| 2512 Friluftsliv | 40 000 | 40 000 | 40 000 |
| 2515 Aktivitet born og unge | 135 000 | 135 000 | 105 200 |
| 2516 Musikk og andre kulturtiltak | 432 000 | 342 000 | 331 000 |
| 2516 Trollrock | - | 200 000 | 200 000 |
| 2523 Museum | 120 000 | 122 000 | 88 824 |
| **Sum utgifter** | **1 538 000** | **1 566 000** | **1 901 024** |

## 7.4.4 Stillingsramme og økonomiske hovudtal

**Tabell 7-28 Stillingsramme kultur**

| Stilling | 2016 | 2015 | Endring | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| Leiar/rektor | 1,0 | 1,0 | 0,0 | |
| Bibliotekar | 0,8 | 0,8 | 0,0 | |
| Biblioteksjef | 0,5 | 0,5 | 0,0 | |
| Kulturkonsulent | 0,2 | 0,2 | 0,0 | |
| Leiar Frivilligsentral | 0,3 | 0,4 | -0,1 | Teknisk justering |
| Medarbeidar | 0,3 | 0,2 | 0,1 | Teknisk justering |
| Kulturskulelærar | 3,6 | 3,3 | 0,3 | Auke i sal av tenester |
| Ungdomsarbeidar | 0,7 | 0,7 | 0,0 | |
| **Totalt** | **7,3** | **7,0** | **0,3** | |

**Tabell 7-29 Økonomiske hovudtal – Kultur**

| | 29 KULTUR | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 10 | LØN OG SOSIALE UTGIFTER | 4 433 000 | 4 183 000 | 4 056 875 |
| 11 | KJØP AV VARER OG TENESTER | 595 000 | 573 000 | 860 705 |
| 12 | INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V. | 466 000 | 450 000 | 648 074 |
| 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 609 000 | 686 000 | 1 082 867 |
| 14 | OVERFØRINGAR | 4 646 000 | 4 782 000 | 5 301 661 |
| 15 | FINANSERINGSUTGIFTER | - | - | 67 584 |
| | **Sum utgifter** | **10 749 000** | **10 674 000** | **12 017 766** |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -1 089 000 | -738 000 | -1 255 331 |
| 17 | REFUSJONER | -40 000 | -64 000 | -230 756 |
| 18 | STATSTILSKOT | -413 000 | -408 000 | -772 370 |
| 19 | FINANSINNTEKTER | -100 000 | -100 000 | -285 206 |
| | **Sum inntekter** | **-1 642 000** | **-1 310 000** | **-2 543 663** |
| | **Sum 29 KULTUR** | **9 107 000** | **9 364 000** | **9 474 104** |

## 7.4.5 Tiltak

Den nye kulturavdelinga har etablert eit godt samarbeid mellom kultur, kulturskule, bibliotek og Frivilligsentralen, og arbeider for å styrke det gode kultur- og idrettsarbeidet i kommunen.

### Kulturskule

- ny rammeplan for kulturskulen er vedtatt og skal no implementerast
- prøver å gå nye vegar for å rekruttere elevar til korpsaktivitet
- satsar på den unike ubrotne folkemusikktradisjon vår, med særleg vekt på langeleik

### Kultur

- utvikle tilboda på ungdomsklubben for å sikre det gode miljøet som har vokse fram der
- sikre gode planer for nytt ungdomshus
- mekketilbodet "MixMax" treng gode lokale
- laga kulturminneplan
- renovere golv i festsalen
- utvikle samarbeidet mellom kultur og frivillig arbeid
- fortsette med Stølsveko, eit godt tilbod til born og ungdom i august og eit bra samarbeid mellom helse, landbruk, fjellstyre, næring og frivillige

### Kyrkjeleg fellesråd

Rammeløyvinga for fellesrådet i 2016 er redusert med 200 000 kr i forhold til 2015. Dette fordi fellesrådet over tid har bygd seg opp disposisjonsfond. Ramme for 2016 er på 2 765 000 kr, eksklusiv 206 000 kr for tenester kommunen yter til fellesrådet.I løyvinga for 2016 er det gjeve ei ekstra løyving på 165 000 kr i samband med at 800 års-jubileet for Hegge stavkyrke.

Fellesrådet driv eit systematisk og godt arbeid. Arbeidet med festeavtaler på kyrkjegardane held fram. Til ekstraordinære tiltak på kyrkjene brukar fellesrådet av sitt bundne fond.

Nye sokneråd og fellesråd er valde og klare til dyst. Planlegginga av 800 års-jubileet i Hegge stavkyrkje er godt i gang, og hovudfeiring blir 2.oktober med mange andre spanande arrangement fordelt utover heile året. Det vil òg bli 6 veker med omvising i sumarhalvåret.

# 8 Helse og omsorg

### 8.1.1 Mål

Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for området Helse og omsorg:

**Vekst i kvalitet**

- Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstiller innbyggarane og gjestene sine grunnleggande behov.

**Alle skal med**

- Øystre Slidre kommune skal ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge, glade, sjølvstendige og skapande barn og unge.
- Øystre Slidre skal vere ei god bu- og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjon.
- Øystre Slidre kommune skal stimulere frivillig innsats, spesielt overfor eldre, både heimebuande og i institusjon.

**Offensiv organisasjon**

- Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.

**Folkehelse, omsorg og sosiale tenester**

- Øystre Slidre skal vere over snittet i landet på alle felt knytt til folkehelse, omsorg og sosiale tenester. Øystre Slidre skal gjennom strategisk arbeid på tvers av sektorar vere betre enn snittet i landet på alle punkt i folkehelseprofilen, slik intensjonane er i den nye Folkehelselova.
- Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbyggarar får muligheit til ein sunn livsstil, med tryggleik for at ein får den hjelpa ein treng når ein treng det.

**Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling**

- Øystre Slidre skal vere blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland.

### 8.1.2 Sentrale føringar og utviklingstrekk

**St.mld. nr. 25 (2005-2006) – Framtidas omsorgsutfordringer (”Omsorgsmeldinga”)**

Omsorgsmeldinga og andre relevante føringar peikar på fleire utviklingstrekk for åra framover. Talet på personar i den eldste delen av befolkninga (80+) vil halde seg stabil fram mot 2020. I løpet av perioden 2020-2030 vil talet på eldre auke betrakteleg, og medføre utfordringar for kommunen.

**St.mld. nr. 47 (2007-2008) – Samhandlingsreforma**

Samhandlingsreforma stiller krav til kommunane om større ansvar for helsefremmande, førebyggande arbeid og behandlingstilbod. Forventningar som kjem fram i Stortingsmeldinga, går i retning av meir observasjon av pasientar i staden for innlegging. Det er også ei klar forventning om at kommunen skal kunne etterbehandle og rehabilitere etter sjukehusopphald, før pasienten blir utskriven til eigen heim. Alle desse forventningane gjer at kommunane i distrikta må tenkja nytt og samarbeide for å skaffe seg den kompetansen og fleksibiliteten som skal til for å handtere dei nye utfordringane. Gjennom samhandlingsreforma legg regjeringa til grunn at kommunane sjølve må finne fram til eigna samarbeidsformer for å sikre

at ressursar og kompetanse blir utnytta på best mogleg måte. I den nye helse- og omsorgstenestelova, er det nærare definert kva ansvar kommunane har.

**St.meld. nr 16 (2010-2011) / Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011-2015)**
Denne er eit verktøy for fagleg og politisk styring i perioden. Planen skildrar nærare Samhandlingsreforma sine mål og virkemiddel.

**Demensplan 2015 – "Den gode dagen"**
Dette er ein delplan til «Omsorgsplan 2015». Den skildrar ei av dei største utfordringane vi står overfor dei neste 10-15 åra. Talet på personar med ulike demenslidingar vil auke betrakteleg, og dette vil bli ei utfordring for den enkelte kommune.

**Kompetanseløftet 2015**
Med bakgrunn i personalutfordringane i dei kommunale helse- og omsorgstenestene, er det utarbeida ein kompetanse- og rekrutteringsplan, «Kompetanseløftet». Denne planen er også ei delplan til «Omsorgsplan 2015». Planen skal gjelde fram til 2015, og inneheld strategiar og tiltak som også skal møte dei demografiske utfordringane fram mot 2050.

## 8.1.3 Kvalitet og ressursbruk i dag (KOSTRA)

Her er ei kortfatta oversikt over sentrale KOSTRA-tall som viser noko om kvaliteten på tenestene, økonomisk prioritering, dekningsgrader og produktivitet/einingskostnader.

**Tabell 8-1 Kvalitetsindikatorar – Helse og omsorg**

| | Øystre Slidre | | | Komm. gruppe2 | Oppland | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2014 | 2013 | 2012 | 2014 | 2014 | 2014 |
| Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/fagutdanning | 81 | 79 | 79 | 78 | 78 | 75 |
| Andel legemeldt sykefravær av totalt antall kommunale årsverk i brukerrettet tjeneste | 9,7 | 7,3 | 9,3 | 8,7 | 8,9 | 8,9 |
| Årsverk i sosialtjenesten | 2,1 | 2,1 | 4,08 | 2,52 | 5,97 | 14,08 |
| Gjennomsnittlig stønadslengde mottakaren 18-24 år | 2,7 | 2,8 | 3,1 | : | : | .. |
| Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 25-66 år | 4,9 | 5 | 4,2 | : | : | .. |
| Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem | 0,52 | 0,55 | 0,52 | 0,37 | 0,53 | 0,49 |
| Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem | 0,38 | 0,4 | 0,24 | 0,38 | 0,27 | 0,39 |
| Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst | 105 | 103 | 100 | 100 | 96 | 99 |

Kjelde: SSB, KOSTRA

Kommunen har ei auke når det gjeld årsverk med fagutdanning, og ligg no godt over kommunegruppa når det gjeld personell med utdanning både på vidaregåande og høgskulenivå. Med bakgrunn i forventningane om at kommunane skal tilby meir spesialisert behandling, er det viktig å styrke andelen tilsette med relevant utdanning i åra som kjem.

Etter eit godt år i 2013, viser tala no ei auke i legemeldt sjukefråvær i tenesta. Dette skal få ekstra fokus i året som kjem, og ein vil setje i gang særskilte tiltak der fræværet er høgast.

Det er nedgang i stønadslengda for dei som går på økonomisk sosialhjelp. Det blir viktig å få opp andelen som går på kvalifiseringsprogram, då ein veit at dette tiltaket har gode effektar, og bidreg til å få klientane ut i arbeid i monaleg grad.

**Tabell 8-2 Dekningsgrader - Helse og omsorg**

| | Øystre Slidre | | | Komm. gruppe2 | Oppland | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2014 | 2013 | 2012 | 2014 | 2014 | 2014 |
| Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 0-66 år | 29 | 25 | 23 | 25 | 26 | 19 |
| Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 67-79 år. | 111 | 134 | 117 | 83 | 82 | 69 |
| Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 80 år og over. | 340 | 361 | 411 | 378 | 350 | 331 |
| Legeårsverk pr 10 000 innb., kom.helsetj. | 11,9 | 11,9 | 11,9 | 12,7 | 11,8 | 10,3 |
| Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten | 9,7 | 9,7 | 11,4 | 12,7 | 11,8 | 10,3 |
| Barn i barnevernet med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år | 2,6 | 3,3 | 4,2 | | | 4,3 |
| Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år | 3,7 | 3,5 | 3,1 | | | 4,8 |
| Sosialhjelpsmottakere | 84 | 90 | 90 | : | : | 312 |
| Andelen sos.hjelpsmot. i forhold til innbygg | 2,6 | 2,8 | 2,8 | : | : | 2,6 |

Kjelde: SSB, KOSTRA

Det var ein stor vekst i andelen mottakarar av heimetenester i gruppa 0-66 år i 2014. Her har vi tradisjonelt vore i takt med kommunegruppa, medan vi no ligg klart over. Samstundes har talet på mottakarar i gruppa 67-79 hatt eit betydeleg fall, men ligg fortsatt godt over kommunegruppe og landet. Når det gjeld heimetenestemottakarar over 80 år, ligg vi no godt under kommunegruppa, men i takt med Oppland og landet.

Det har vore færre barn med undersøkingar i barnevernet i 2014, men fleire er på tiltak. Talet på mottakarar av økonomisk sosialhjelp har gått ned og ligg no på snitt med landet.

**Tabell 8-3 Bruksrater og brukarsammensetting – Helse og omsorg**

| | Øystre Slidre | | | Kom.gr.2 | Oppland | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2014 | 2013 | 2012 | 2014 | 2014 | 2014 |
| Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år | 14,7 | 15,4 | 17,7 | 16,7 | 17,1 | 19,8 |
| Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år | 23,4 | 24,1 | 18,2 | 13 | 12,7 | 13,4 |
| Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over | 17,3 | 17,9 | 14,9 | 11,3 | 14,4 | 12,4 |
| Gjsnitt. antall tildelte timer pr uke, praktisk bistand | 5,5 | 4,7 | 3,9 | 7,2 | 8,2 | 9 |
| Gjsnitt. antall tildelte timer pr uke hjemmesykepleie | 3,7 | 4,5 | 4 | 4,5 | 4 | 4,6 |
| Gjsn. Ant. tildelte timer i uken. Brukere utenfor inst. | 7,3 | 7,3 | 6,9 | 8,8 | 9,4 | 10,4 |

Kjelde: SSB, KOSTRA

Sjølv om andelen som får heimehjelptenester i gruppa 0-66 år har auka, er andelen med omfattande bistandsbehov redusert. Når det gjeld gruppa 67-79 år har fortsatt ein stor del av desse behov for omfattande tenester. Her ligg Øystre Slidre kommune i 2014 fortsatt høgt over kommunegruppa og landet.

Kommunen tildeler i aukande grad talet på timar praktisk bistand per brukar per veke. Dette er ei bevisst handling med mål om «normalisering» i forhold til kommunegruppa. Kommunen hadde ein praksis som førte til at mange personar fekk tildelt praktisk bistand, men kvar person fekk få timar. No er det færre som får, men fleire timar. Dette gjeld òg tildelte timar i heimesjukepleia.

**Tabell 8-4 Produktivitet og einingskostnader - Helse og omsorg**

| | Øystre Slidre | | | Komm. gruppe2 | Oppland | Landet |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2014 | 2013 | 2012 | 2014 | 2014 | 2014 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass | 808 558 | 767 326 | 777 093 | 989 189 | 1 058 609 | 1 035 882 |
| Netto driftsutg til forebygging, helsestasj.- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år | 9 465 | 9 105 | 9 214 | 8 963 | 9 269 | 7 435 |
| Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år | 2 392 | 2 338 | 2 288 | 2 302 | 2 326 | 2 098 |
| Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over | 408 033 | 377 574 | 347 313 | 353 936 | 357 765 | 377 025 |
| Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 67 år og over | 108 384 | 104 882 | 105 032 | 114 454 | 110 691 | 114 993 |

kjelde: SSB, KOSTRA

Ein ser ei auke i driftsutgifta på institusjon i 2014. Likevel er det slik at ein institusjonsplass i Øystre Slidre kostar 180 000 kr mindre enn snittet i kommunegruppa.

Kommunen aukar satsinga på førebygging til born og unge i 2014. Vi ligg godt over snittet på dette viktige området. Kommunen meiner det er viktig å satse på førebyggande tiltak for denne aldersgruppa, fordi ein veit at levevanar og holdningar til sunnheit blir skapte tidleg i livsløpet.

**Tabell 8-5 Stillingsramme - Helse og omsorg**

| Verksemd | 2016 | 2015 | Endring |
|---|---|---|---|
| 30 - Helse og velferd - administrasjon | 1,0 | 1,0 | 0,0 |
| 301 - Systemkontor | 1,8 | 1,8 | 0,0 |
| 31 - Helseavdelinga | 18,8 | 18,8 | 0,0 |
| 36 - Institusjon og heimebaserte tenester (IHT) | 59,7 | 63,4 | -3,7 |
| 39 - Miljøtenesta | 18,3 | 17,8 | 0,6 |
| **Totalt** | **99,6** | **102,7** | **-3,1** |

**Tabell 8-6 Stillingsramme - Helse og omsorg, administrasjon**

| Stilling | 2016 | 2015 | Endring |
|---|---|---|---|
| Kommuneleiar | 1,0 | 1,0 | 0,0 |
| **Totalt** | **1,0** | **1,0** | **0,0** |

**Tabell 8-7 Stillingsramme - systemkontor**

| Stilling | 2016 | 2015 | Endring |
|---|---|---|---|
| Avdelingsleiar | 1,0 | 1,0 | 0,0 |
| Sekretær | 0,8 | 0,8 | 0,0 |
| **Totalt** | **1,8** | **1,8** | **0,0** |

### 8.1.4 Økonomiske hovudtal

**Tabell 8-8 Økonomiske hovudtal - Helse og omsorg**

| | 3 Helse og Omsorg | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 30 | HELSE OG OMSORG FELLES | 5 631 000 | 4 047 000 | 2 219 399 |
| 31 | HELSETENESTA | 14 891 700 | 13 344 000 | 14 406 184 |
| 33 | SOSIALE TENESTER | 8 585 000 | 7 358 000 | 8 142 363 |
| 36 | IHT | 41 120 000 | 42 276 000 | 41 745 620 |
| 39 | MILJØTENESTA | 13 191 000 | 12 700 000 | 11 872 482 |
| | **Sum 3 Helse og Omsorg** | **83 418 700** | **79 725 000** | **78 386 048** |

**Tabell 8-9 Økonomiske hovudtal - Helse og omsorg - felles**

| | 30 HELSE OG OMSORG FELLES | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 10 | LØN OG SOSIALE UTGIFTER | 2 056 000 | 1 941 000 | 1 833 058 |
| 11 | KJØP AV VARER OG TENESTER | 91 000 | 126 000 | 96 728 |
| 12 | INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V. | 10 000 | 10 000 | 3 847 |
| 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 3 454 000 | 2 095 000 | 296 282 |
| 14 | OVERFØRINGAR | 20 000 | 20 000 | 20 129 |
| | **Sum utgifter** | **5 631 000** | **4 192 000** | **2 250 044** |
| 16 | SALGSINNTEKTER | - | - | -4 394 |
| 17 | REFUSJONER | - | -85 000 | -26 251 |
| 19 | FINANSINNTEKTER | - | -60 000 | - |
| | **Sum inntekter** | **-** | **-145 000** | **-30 645** |
| | **Sum 30 HELSE OG OMSORG FELLES** | **5 631 000** | **4 047 000** | **2 219 399** |

### 8.1.5 Tiltak

- etablere omsorgsnivå mellom sjukeheim og bustad ved å bemanne opp omsorgsbustadane i Moavegen 25
- heimetenesta blir styrka med eitt årsverk
- heilårsdrift av VLMS
- utvide bruk av Mobil omsorg (elektronisk pasientjournal på nettbrett)
- sterkare førebyggande fokus
  - vidareføre strø og balansetreningsprogrammet
  - utvikle vidare kvardagsrehabiliteringsprosjektet
- meir aktivitet for bebuarane på sjukeheimen

## 8.2 Helseavdelinga

### 8.2.1 Status

Helseavdelinga har fokus på at samhandling og deling av kunnskap skal bidra til gode førebyggande tenester og samanhengande behandlingsløp. Avdelinga har eigen administrativ leiar, i tillegg til fagleiarar med ansvar for å drive og utvikle dei ulike fagområda. Helsestasjonen har tilsett to nye sjukepleiarar som er i gang med helsesøsterutdanning.

Helsestasjon og psykisk helseteneste har eit sterkt engasjement for barn og familiar, og har auka kompetansen på dette feltet. Arbeid og aktivitet har fått eit nytt dagaktivitetstilbod i

Vindestogo, og har samarbeida tett om etablering av sansehage med inngjerding, gapahuk, planter og gangstigar.

**Helseavdelinga inneheld:**

- legetenester
- helsestasjon
- fysioterapi
- frisklivssentral
- arbeid og aktivitet
- psykisk helseteneste

Helseavdelinga sitt slagord og visjon er: Sunnheit og meistring!

Helseavdelinga skal:

- fremja psykisk og fysisk helse og bidra til å utjamne sosiale helseforskjellar
- førebygge skade, sjukdom, bidra til at folk skal mestre livet og bruke potensiala sine
- saman med dei som treng det auke livskvaliteten gjennom å aktivisere, behandle og lindre
- tilby fastbuande og tilreisande optimalt tilpassa tenester

### 8.2.2 Stillingsramme

**Tabell 8-10 Stillingsramme - helseavdelinga**

| Stilling | 2016 | 2015 | Endring | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| Leiar | 1,0 | 1,0 | 0,0 | |
| Leiar friskliv/folkehelse | 0,7 | 0,7 | 0,0 | |
| Aktivitør | 2,0 | 2,0 | 0,0 | |
| Fagarbeidar/assistent | 2,8 | 2,8 | 0,0 | |
| Fysioterapeut | 0,6 | 0,6 | 0,0 | |
| Helsesyster | 2,0 | 2,0 | 0,0 | |
| Kommunelege | 0,9 | 0,9 | 0,0 | |
| Legesekretær | 2,6 | 2,6 | 0,0 | |
| Psykatrisk sjukepleiar | 3,0 | 2,0 | 1,0 | Omgjort frå hjelpepleiar |
| Psykiatrisk hjelpepleiar | 0,6 | 1,6 | -1,0 | Omgjort til sjukepleiar |
| Sjukepleiar legekontoret | 1,7 | 1,7 | 0,0 | |
| Turnuslege | 1,0 | 1,0 | 0,0 | |
| **Totalt** | **18,8** | **18,8** | **0,0** | |

### 8.2.3 Økonomiske hovudtal

**Tabell 8-11 Økonomiske hovudtal – helseavdelinga**

| | 31 HELSETENESTA | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 10 | LØN OG SOSIALE UTGIFTER | 12 353 000 | 11 870 000 | 11 594 833 |
| 11 | KJØP AV VARER OG TENESTER | 1 070 500 | 860 000 | 1 075 965 |
| 12 | INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V. | 352 000 | 350 000 | 420 798 |
| 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 3 820 000 | 3 881 000 | 3 787 406 |
| 14 | OVERFØRINGAR | 83 000 | 86 000 | 276 309 |
| 15 | FINANSERINGSUTGIFTER | - | - | 250 443 |
| | **Sum utgifter** | **17 678 500** | **17 047 000** | **17 405 754** |

| | 31 HELSETENESTA | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 16 | SALGSINNTEKTER | -790 000 | -790 000 | -788 256 |
| 17 | REFUSJONER | -1 380 000 | -1 731 000 | -1 149 534 |
| 18 | STATSTILSKOT | -616 800 | -1 182 000 | -908 725 |
| 19 | FINANSINNTEKTER | - | - | -153 054 |
| | **Sum inntekter** | **-2 786 800** | **-3 703 000** | **-2 999 569** |
| | **Sum 31 HELSETENESTA** | **14 891 700** | **13 344 000** | **14 406 184** |

### 8.2.4 Tiltak

- Det er lagt fram forslag om å gjere om ei stilling frå helsefagarbeider til psykiatrisk sjukepleiar i avdeling for psykisk helseteneste. Dette m.a. for å styrke fagkompetansen med tanke på flyktningarbeidet.
- Vidareutvikle Vindestogo, med sikte på å nå målet med å ha ope fem dagar i veka for fem brukarar, fem timar per dag. Dert blir søkt driftstilskot for 2016.
- Lokala i fysioterapi skal leggast betre til rette for omkleding og tilgang til basseng.

## 8.3 Institusjon og heimebaserte tenester (IHT)

### 8.3.1 Status

IHT er ei stor eining som inneheld heimebaserte og institusjonsbaserte tenester.

**Tenestene omfattar:**

- sjukeheim
- heimesjukepleie
- praktisk bistand/heimehjelp

Tenestene har eit kontinuerlig fokus på å gje pasientane/brukarane rett behandling til rett tid og på rett tenestenivå. For å møte det auka behovet for heildøgnbemanna bustadar og "tyngre" heimesjukepleietenester, har vi måtte tåle ein del overbelegg på sjukeheimen. Det er viktig at vi får etablert bustader som er tilrettelagt for heildøgns pleie og omsorg, med tanke på å forhindre at vi må legge inn brukarar på sjukeheimen som kunne klart seg i tilpassa bustad. Slik kan vi i større grad sikre oss kapasitet for dei som med bakgrunn i sin helsetilstand ikkje har andre alternativ enn sjukeheimsplass.

Heimetenesta har som tidlegare mange brukarar og låge kostnader. Det komande året vil IHT prioritere førebyggjande tiltak i større grad for brukarar som er i fare for å utvikle sjukdom. Mange treng oppfølging av ernæring, fallførebyggjande tiltak, medisinar og hjelp til å hindre utvikling av sår. Dette må setjast i system for å lukkast.

Kommunen opplever aukande etterspørsel etter heimesjukepleie både hjå eldre, ungdom, unge funksjonshemma, palliativ pleie, kronikarar og rusmisbrukarar. I tillegg er det auka etterspørsel etter heimesjukepleie i helger og feriar, då mange besøkande oppheld seg på hytter i Øystre Slidre kommune.

Koordinerande einig vart etablert i 2014. Vidareutvikling og opplæring av fleire koordinatorar blir eit viktig fokus i 2016. Koordinerande eining støttar opp om tanken om heilskapande pasientforløp, som er eit sentralt for IHT. Helsetenestene, både i kommunen og mellom kommunen og andre helseinstitusjonar, skal for brukarane opplevast koordinerte og heilskapande. Den elektroniske meldingsutvekslinga med sjukehuset fungerer svært godt i denne samanhengen.

### 8.3.2 VLMS

Valdres lokalmedisinske senter vart opna 16.01.2015. Oppstarten på den interkommunale sengeposten med 10 intermediærsenger og 2 kommunale akutte døgnplassar vart opna 01.06.2015.

Det er av stor betyding for Øystre Slidre kommune å bidra til at belegget i dette tilbodet er høgast mogeleg til ei kvar tid. Kommunen sin eigardel er 17 %, og representerer ein stor andel av dei totale driftsutgiftene våre på området.

VLMS er ei interkommunal teneste heimla i Kommuneloven §28, der Nord-Aurdal kommune på vegne av samarbeidskommunane tildeler tenestane på dei 10 intermediærsengene. Pasientar må søkast dit frå den einskilde kommune i Valdres.

### 8.3.3 Stillingsramme

**Tabell 8-12 Stillingsramme – IHT**

| Stilling | 2016 | 2015 | Endring | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| Leiar | 1,0 | 1,0 | 0,0 | |
| Ambulerande vaktmeister | 0,9 | 0,9 | 0,0 | |
| Ergoterapeut | 1,0 | 1,0 | 0,0 | |
| Fysioterapeut | 0,8 | 0,8 | 0,0 | |
| Heimehjelp | 1,9 | 1,9 | 0,0 | |
| Hjelpepleiar/omsorgsarbeidar heimetenesta | 9,1 | 8,0 | 1,0 | Styrking |
| Hjelpepleiar/omsorgsarbeidar sjukeheimen | 21,9 | 23,0 | -1,2 | Nedlegging av rom i underetg |
| Kjøkkensjef | 1,0 | 1,0 | 0,0 | |
| Kokk | 2,5 | 2,5 | 0,0 | |
| Reinhaldar | 0,0 | 3,5 | -3,5 | Overført til teknisk drift |
| Sjukepleiar heimetenesta | 9,3 | 9,3 | 0,0 | |
| Sjukepleiar sjukeheimen | 9,6 | 9,6 | 0,0 | |
| Vernepleiar sjukeheimen | 0,8 | 0,8 | 0,0 | |
| **Totalt** | **59,7** | **63,4** | **-3,7** | |

Tabellen viser ei endring, der vi har redusert bemanninga på sjukeheimen med 1,2 årsvek fordi dei fem mellombelse romma underetasjen blir fasa ut. 1 årsverk blir overført til heimetenesta som eit ledd i oppbemanninga av omsorgsbustadane ved Moavegen 25.

3,5 årsverk i reinhaldstenesta er overført til Teknisk drift, som ein konsekvens av eit reinhaldsprosjekt som skal samle reinhaldstenesta i kommunen i ei avdeling.

### 8.3.4 Økonomiske hovudtal

**Tabell 8-13 Økonomiske hovudtal – IHT**

| | 36 IHT | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 10 | LØN OG SOSIALE UTGIFTER | 46 907 000 | 48 630 000 | 47 601 907 |
| 11 | KJØP AV VARER OG TENESTER | 2 902 000 | 3 030 000 | 3 738 661 |
| 12 | INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V. | 453 000 | 621 000 | 653 287 |
| 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 226 000 | 453 000 | 735 978 |
| 14 | OVERFØRINGAR | - | 172 000 | 4 324 019 |
| 15 | FINANSERINGSUTGIFTER | 41 000 | 41 000 | 578 818 |
| | **Sum utgifter** | **50 529 000** | **52 947 000** | **57 632 668** |

| | 36 IHT | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 16 | SALGSINNTEKTER | -7 291 000 | -6 767 000 | -6 483 602 |
| 17 | REFUSJONER | -1 930 000 | -2 380 000 | -4 056 788 |
| 18 | STATSTILSKOT | -148 000 | -1 484 000 | -939 214 |
| 19 | FINANSINNTEKTER | -40 000 | -40 000 | -4 407 445 |
| | **Sum inntekter** | **-9 409 000** | **-10 671 000** | **-15 887 049** |
| | **Sum 36 INSTITUSJON -OG HEIMEBASERTE TENESTER** | **41 120 000** | **42 276 000** | **41 745 620** |

### 8.3.5 Tiltak

1. styrke heimetenesta med 1 årsverk
2. heilårsverknad for drift av VLMS
3. utvikle og styrke prosjektet for innføring av kvardagsrehabilitering
4. vidareutvikle prosjekt i samarbeid med kulturskule som handlar om musikkterapi der eitt av måla er å minke uro, heve livskvaliteten større grad av deltaking på dagtid
5. bygge vidare på erfaringane frå 2015 når det gjeld Mobil omsorg på IPad, med tanke på å utvide med fleire einingar

## 8.4 Miljøtenesta

### 8.4.1 Status

Turnusområdet gjev tenester til 12 brukarar med ulik grad av utviklingshemming eller diagnosar som krev miljøterapeutisk oppfølging. Det er stor skilnad i funksjonsnivået hjå desse brukarane.

Miljøtenesta har og oppdrag i heimar utanfor Brennebakkin og andre kommunale bustader, knytt opp mot miljøtiltak/opplæring/åtferdsendring.

Eit omfattande tiltak er under utarbeiding, dette vil føre med seg auka bruk av personalressursar.

I tillegg til nye, unge brukarar med behov for tilrettelagt bustad med miljøtenester i åra som kjem, er det ei merkbar auke i behovet for barneavlastning. Avlastning er eit viktig førebyggande tiltak som vil om det blir gjeve til rett tid, og med rett mengde, utsette behovet for tunge kommunale tenester for denne brukargruppa.

I 2014 etablerte vi avlastingsbustad for born og unge på Brennebakkin. Dette er eit tilbod som vi ynskjer å utvikle vidare i 2016 då ein ser at behovet for avlastning er aukande.

Det er avsett midlar til to nye bueiningar i tillegg til dei 6 eksisterande på Brennebakkin. Desse er ikkje realisert grunna klage frå ein av naboane som gjekk vidare til fylkesmannen. Fylkesmannen krev at vi omregulerer området til institusjonsformål før vi får bygge i dette området.

Kommunen er i gang med å utarbeide ein reguleringsplan i dette området med tanke på vidareutvikling av bustader. Denne prosessen vil ta eitt til to år. Dette betyr at ein må søkje å løyse behovet for bustader vi ser alt i 2015-2016 gjennom å setje inn mellombelse tiltak for å sikre at vi kan ta i mot nye brukarar.

### 8.4.2 Tiltak

- styrke budsjettet med midlar til avlastande tiltak for heimebuande brukarar, og til faste stillingar og drift i avlastingsbustaden, gjennom å redusere vikarbudsjettet tilsvarande
- utarbeide og vedta reguleringsplan for området omkring Brennebakkin 3 og 5
- innarbeide økonomisk inndekning for å bygge 2 bustader i planperioden, og bemanning til dei som skal bu der
- betre den faglege og etisk kompetansen gjennom interne kurs fastsett i eit årshjul for helse- og omsorgsavdelingane
- styrke opplæringa i ulik programvare gjennom interne kurs fastsett i eit årshjul for helse- og omsorgsavdelingane

### 8.4.3 Økonomiske hovudtal

**Tabell 8-14 Økonomiske hovudtal - Miljøtenesta**

| | 39 MILJØTENESTA | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 10 | LØN OG SOSIALE UTGIFTER | 13 776 000 | 13 143 000 | 12 374 691 |
| 11 | KJØP AV VARER OG TENESTER | 164 000 | 152 000 | 208 389 |
| 12 | INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V. | 7 000 | 7 000 | 25 791 |
| 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 1 510 000 | 1 495 000 | 1 295 114 |
| 14 | OVERFØRINGAR | - | - | 20 552 |
| | **Sum utgifter** | **15 457 000** | **14 797 000** | **13 924 538** |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -67 000 | -67 000 | -47 028 |
| 17 | REFUSJONER | -855 000 | -686 000 | -695 028 |
| 18 | STATSTILSKOT | -1 344 000 | -1 344 000 | -1 310 000 |
| | **Sum inntekter** | **-2 266 000** | **-2 097 000** | **-2 052 056** |
| | **Sum 39 MILJØTENESTA** | **13 191 000** | **12 700 000** | **11 872 482** |

### 8.4.4 Stillingsramme

**Tabell 8-15 Stillingsramme - Miljøtenesta**

| Stilling | 2016 | 2015 | Endring | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| Leiar | 1,0 | 1,0 | 0,0 | |
| Fagarbeidar/assistent Miljøtenesta | 11,5 | 11,0 | 0,6 | Avlastingstiltak |
| Vernepleiar | 5,8 | 5,8 | 0,0 | |
| **Totalt** | **18,3** | **17,8** | **0,6** | |

## 8.5 Interkommunale tenester (NAV, barnevern og flyktningteneste)

NAV-tenestene er omfattande og komplekse, og blir levert av NAV Valdres.

### 8.5.1 NAV – status og økonomiske hovudtal

**Tabell 8-16 Økonomiske hovudtal – NAV**

| | 330 NAV | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 11 | KJØP AV VARER OG TENESTER | - | - | 46 709 |
| 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 6 125 000 | 5 127 000 | 4 201 152 |

| | 330 NAV | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 14 | OVERFØRINGAR | 582 000 | 350 000 | 1 572 657 |
| 15 | FINANSIERINGSUTGIFTER | - | - | 26 125 |
| | **Sum utgifter** | **6 707 000** | **5 477 000** | **5 846 643** |
| 17 | REFUSJONER | -50 000 | -50 000 | -30 281 |
| 18 | STATSTILSKOT | -300 000 | -300 000 | -150 000 |
| 19 | FINANSIERINGSINNTEKTER | -115 000 | -115 000 | -13 971 |
| | **Sum inntekter** | **-465 000** | **-465 000** | **-194 252** |
| | **Sum 330 NAV** | **6 242 000** | **5 012 000** | **5 652 391** |

**Tiltak**

1. Det blir oppretta 2,5 årsverk som ruskoordinatorar og 0,5 årsverk som ungdomsarbeidar. Desse skal i stor grad arbeide ute i dei ulike miljøa og ha eit spesielt fokus på unge, og deira rusbruk. Viktig å bruke desse til å implementere førebyggande tiltak, og følgje tett opp den einskilde som anten har eit rusproblem, eller står i fare for å få det.
2. I budsjettforslaget for 2016 er det lagt inn ei auke på om lag 1 mill., som i hovudsak er knytt til eit høgare anslag av flyktningar som i ei periode før dei kjem inn på kvalifiseringsprogram får tildelt økonomisk sosialhjelp.

### 8.5.2 Barnevern – status og økonomiske hovudtal

Øystre Slidre kommune har felles barnevernteneste med Nord-Aurdal, Sør-Aurdal og Etnedal.

Det interkommunale barnevernet har gjennom felles kompetanseheving og større fagmiljø, etablert ei teneste som i større grad enn tidlegare meistrar å gå inn i enkeltsaker av alvorleg karakter. I 2016 vil barneverntenesta ha eit særlig fokus på kompetansestyring, samt vidareutvikling og implementering av internkontroll i vertskommunen. I tillegg er det fokus på å unngå fristoversitting på undersøkingar, noko som har vore for hyppig for Øystre Slidre kommune sin del dei siste åra.

Gjennom samarbeidet med krisesenteret på Hønefoss skal barneverntenesta inngå ei formell samarbeidsavtale med krisesenteret, for å sikre gode melde- og oppfølgingsrutinar for barn som er med føresette på krisesenteret.

**Tabell 8-17 Økonomiske hovudtal – barnevern**

| | 331 BARNEVERN | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 4 676 000 | 3 270 000 | 2 974 621 |
| | **Sum utgifter** | **4 676 000** | **3 270 000** | **2 974 621** |
| 18 | STATSTILSKOT | - | - | -35 376 |
| | **Sum inntekter** | **-** | **-** | **-35 376** |
| | **Sum 330 NAV** | **4 676 000** | **3 270 000** | **2 939 245** |

**Tiltak**

- Det er lagt inn om lag ein mill. i auke i tiltak utanfor heimen. Dette grunna forventa fosterheimsplasseringar, samt auka døgn takstar i statlege institusjonar.
- Det er lagt inn ei auke på om lag 500’ som ei følgje av høgare husleige for barnevernkontoret.
- Det blir arbeida for å unngå fristbrot på undersøkingar.

### 8.5.3 Kvalifiseringstenesta – status

Øystre Slidre kommune har eit samarbeid om kvalifisering av flyktningar med Nord-Aurdal kommune.

Tenesta tek i dag hand om mottak av nye flyktningar og har ei særleg oppgåve i forhold til å skaffe tilfredstillande bustad, og drive kvalifiseringstiltak gjennom opplæring på kvalifiseringssenteret. I tillegg blir det brukt mykje tid på å skaffe språkplassar til flyktningane.

Her er kommunen den viktigaste bidragsytaren, og mange flyktningar får viktig språktrening m.a. i reinhaldstenesta i kommunen.

For 2016 har vi i budsjettet føresett eit nivå på mottak som i 2015 (17 flyktningar).

**Tabell 8-18 Økonomiske hovudtal - Flyktningtenesta**

| | 332 FLYKTNINGEORDNINGA | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 10 | LØN OG SOSIALE UTGIFTER | 5 449 000 | 1 150 000 | 851 089 |
| 11 | KJØP AV VARER OG TENESTER | - | - | 5 866 |
| 12 | INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V. | 350 000 | 150 000 | 193 832 |
| 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 2 676 000 | 1 076 000 | 1 088 349 |
| 14 | OVERFØRINGAR | - | - | 540 202 |
| | **Sum utgifter** | **8 475 000** | **2 376 000** | **2 679 338** |
| 17 | REFUSJONER | - | - | -82 512 |
| 18 | STATSTILSKOT | -10 808 000 | -3 300 000 | -3 046 100 |
| | **Sum inntekter** | **-10 808 000** | **-3 300 000** | **-3 128 612** |
| | **Sum 330 NAV** | **-2 333 000** | **-924 000** | **-449 274** |

Vi har auka driftsposten med 200 000 kr, då fleire flyktningar skal busettast. Introduksjonsprogrammet kostar kommunen om lag 80 000 kr per flyktning, det er lagt inn ei auke som harmonerer med talet flyktningar i 2016 (17 nye flyktningar).

Det er grunn til å påpeike at talet vi faktisk kjem til å busetje neste år er høgst usikkert.

# 9 Teknisk drift

### 9.1.1 Status

Det er nokre endringar i tenestenivået frå tidlegare år.

Frå og med 01.01.2016 vil reinhaldstenesta ved Øystre Slidre sjukeheim bli underlagt teknisk avdeling i kommunen. I samanheng med dette har ein i 2015 investert i eit forvaltnings- drifts- og vedlikehaldsprogram (FDV-program) til bruk ved blant anna reinhaldsplanlegging av bygga i kommunen.

Ved bruk av eit reinhaldsprogram får ein lagt inn alle objekta med både daglig, periodisk og hovudreingjering, og ein får ei riktigare fordeling av oppgåver og tid på reinhaldet. Det vil òg bli lagt opp til at reinhaldarane skal få nettbrett som arbeidsverktøy. Dette vil gjere kvardagen med nye reinhaldsplanar lettare for den enkelte reinhaldar, både med omsyn til daglig kontakt med leiar og gjennom å få ei meir visuell oversikt over det daglige arbeidet.

Som ein konsekvens av nye reinhaldsplanar er det, når ein ser reinhaldet i kommunen under eitt, frå 01.01.2016 nedbemanna med 2 årsverk i reinhaldsavdelinga. Dette skal ikkje måtte gå ut over kvaliteten på det totale reinhaldet. Det vil òg bli tilsett ein administrativ reinhaldsleiar i 80 % stilling i kommunen.

Ved Øystre Slidre ungdomsskule (ØSUS) har vaktmeistarane i 2015 skifta vindauge i ein del av bygget. Dette som eit ENØK- tiltak. Kommunen har òg fått pålegg frå Arbeidstilsynet om å rehabilitera ventilasjonsanlegget ved skulen. I økonomiplan en er det sett av midlar til at ventilasjonsanlegget ved ØSUS skal skiftast ut i 2016. I tillegg har ein satt av midlar for å utbedra skulekjøkkenet, etter pålegg frå Mattilsynet. Desse to oppgåvene vil ein prøva å sjå i samanheng, og få gjort mest mulig under eitt, så ein slepp fleire byggetrinn på skulen.

Driftsutgiftene er relativt høge, dette gjeld både kommunale bygg, drift av VA-anlegg og kommunal veg. Med nye skulebygg og nye Rogne barnehage er dette kanskje overraskande, men sjølv om bygga er nye og betre, er det mykje «teknikk» i nye bygg som skal driftast.

I avdelinga VVA (veg, vatn og avløp) er det generelt god kvalitet og resultatet for brukarane blir vurdert som godt. Innbyggarundersøkinga viser at dei fleste meiner dei blir mottekne på ein god måte i kontakt med kommunen. Totalt sett er avdelinga godt tilgjengeleg, både på telefon og etterkvart er også fleire meir faste brukarar av e-post. Vaktordninga innanfor VA-tenesta gir 100 % tilgjenge for publikum.

Reinseanlegga er dyre å drifte, men her er det valt prosessar og tekniske løysingar som det er vanskeleg å endre på utan større investeringar. Kommunebarometeret viser at ein liten del av innbyggarane er tilknytta kommunaltekniske anlegg. Mykje av forklaringa på dette er at Vindin vassverk er privat, og leverer vatn til mange i midtre del av kommunen. Sjølv om Ole vassverk og Beito reinseanlegg har mange abonnentar, er dei fleste av desse fritidseigedommar.

Eigenbetaling omfattar primært gebyr for vatn og avløp. Kommunen har i fleire år vore offensiv, med gjennomføring av nyanlegg og til dels omfattande vedlikehald av leidningsnettet. Dette har vore mogleg gjennom eit relativt høgt nivå på gebyr samanlikna med andre kommunar. Få abonnentar gjer også sitt til at gebyra per abonnent blir høge. Hovudmålet framover blir å auke talet på abonnentar, og å rette fokuset meir mot økonomisering av drifta, for på den måten å få stabilisert nivået på gebyra.

Det er i 2015 inngått nye avtaler for brøyting og vedlikehald på kommunale vegar. Når det gjeld kommunale vegar, legg faktorar kommunen har lite styring over mange premissar for

utgiftene, slik som snømengde, trong for strøing, frost/kjøving, reparasjon etter flomskadar osv. Ekstraordinært vedlikehald vil også medføre at nivået her vil svinge.

Ved brann- og feiarvesenet er det per i dag 4 ledige brannkonstabel-stillingar. Desse er no lyst ut. Desse vil då ha behov for grunnopplæring. Den nye brannbilen ("framskutteininga") er bestilt, og vil bli levert i mars.

Teknisk leiarforum (TLF) fekk mandat frå rådmannsutvalet i Valdres å utreda ein rapport om felles brann- og feiarvesen i Valdres. Rapporten er overlevert frå TLF til Rådmannsutvalet, og vil bli behandla der på nyåret. Øystre Slidre kommune avventar nye investeringar inntil saka er avslutta.

Trivselen for den enkelte og evne til samarbeid med kollegaene blir vurdert som generelt bra, her er det lite som tyder på endringar frå tidlegare år. Sjølv om fleire tilsette er i ferd med å få betre kompetanse, er det framleis ynskje om kurs og "ny" lærdom i avdelinga. Det er ei utfordring å finne relevante kurstilbod og å få sendt våre folk på kurs.

Talet på tilsette som driftar avdelinga blir vurdert, og omfanget av stillingar må elles vurderast kontinuerleg ved ev. endringar i tenestenivået.

### 9.1.2 Mål

Teknisk drift har som mål å få til enda betre kvalitet på tenestane som avdelinga utfører. Dette vil krevje god samhandling i avdelinga samt ta i bruk gode planverktøy.

Følgjande av kommunen sine delmål har særleg relevans for området teknisk drift:

- **Vekst i kvalitet**
    - Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredstillar innbyggarane og gjestene sine grunnleggjande behov.
- **Alle skal med**
    - Øystre Slidre kommune skal ha eitt oppvekstmiljø som gjev trygge og glade, sjølvstendige og skapande born og unge.
    - Øystre Slidre kommune skal vera ei god bu -og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids –og fritidssituasjon.
- **Offensiv organisasjon**
    - Øystre Slidre kommune skal vera ein organisasjon som er brukar –og serviceorientert.
    - Øystre Slidre kommune skal vera ein organisasjon som er pådrivar i samfunnsutviklinga.
    - Øystre Slidre kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar. Kommunen skal ta vare på sine tilsette, og sikre ei god rekruttering i framtida.
- **Nærings- og samfunnsutvikling**
    - Øystre Slidre kommune skal vidareutvikle sin gode kultur og nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Arbeidet skal bidra til eitt robust, kunnskapsbasert og framtidsretta næringsliv.
- **Oppvekst og læring**
    - Kommunen skal gje borna våre ein trygg oppvekst med like moglegheiter for utvikling.

  - I Øystre Slidre skal det vera garantert barnehageplass etter fylte eitt år og ei god skule for alle.

- **Samferdsel**
  - Øystre Slidre kommune skal arbeide for raskast mogleg utbetring av E16 iht utkastet i NTP og dei innspel som vert gitt på regionalt og fylkeskommunalt nivå i denne.
  - Øystre Slidre kommune skal utvikle eigen trafikksikringsstrategi med prioritet på FV 51, og arbeide med sykkel og gangveg langs denne vegen gjennom heile kommunen, samt arbeide for ei opprusting av sidevegande.
  - Kommunen vil òg langs vegaksa etter FV 51 arbeide for betre og meir heilskapleg skilting til bedrifter, naturområde, attraksjonar.
- **Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling**
  - Øystre Slidre skal vera blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland.
- **Kommunaltekniske tenester**
  - Øystre Slidre skal gjennom Arealdelen til kommuneplanen sikre at fastsette miljømål og sentrale føringar til god planlegging vert fylgt.
  - Kommunen vil arbeide for at flest mogleg skal kunne koplast til offentleg vass- og avløpsanlegg nede i bygdene ved ei jamn utbygging av desse tenestene.
  - Kommunen vil òg arbeide for at dei delande av fjellområda med utbygging skal ha ein infrastruktur som gagnar miljøet og reduserer fare for forureining.
  - Kommunen ska vera i forkant med planlegging og opparbeiding av gode bustad- og næringsområde der det er behov for dette.

### 9.1.3 Stillingsramme

**Tabell 9-1 Stillingramme - Teknisk drift**

| Stilling | 2016 | 2015 | Endring | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| Leiar | 1,0 | 1,0 | 0,0 | |
| Brannkonstabel | 0,2 | 0,2 | 0,0 | |
| Driftsoperatør | 4,0 | 3,4 | 0,7 | Teknisk justering |
| Feiar | 1,0 | 1,0 | 0,0 | |
| Oppsynsmann | 1,0 | 1,7 | -0,7 | Teknisk justering |
| Reinhaldar | 12,3 | 10,8 | 1,5 | Overført frå sjukeheimen, endring i reinhaldsplanar |
| Saksbehandlar/sekretær | 1,0 | 1,0 | 0,0 | |
| Vaktmeister | 4,0 | 4,0 | 0,0 | |
| Vaktmeisterformann | 1,0 | 1,0 | 0,0 | |
| **Totalt** | **25,5** | **24,0** | **1,5** | |

### 9.1.4 Økonomiske hovudtal

**Tabell 9-2 Økonomiske hovudtal - Teknisk drift**

| | 4 TEKNISKE TENESTER | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 10 | LØN OG SOSIALE UTGIFTER | 16 190 000 | 14 744 000 | 14 283 000 |
| 11 | KJØP AV VARER OG TENESTER | 7 571 000 | 7 771 000 | 9 134 762 |
| 12 | INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V. | 7 736 000 | 8 820 000 | 8 125 903 |

| | 4 TEKNISKE TENESTER | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 13 327 000 | 10 665 000 | 11 646 366 |
| 14 | OVERFØRINGAR | - | - | 2 679 030 |
| 15 | FINANSERINGSUTGIFTER | 4 843 000 | 1 337 000 | 3 181 141 |
| | **Sum utgifter** | **49 667 000** | **43 337 000** | **49 050 201** |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -34 178 000 | -29 940 000 | -29 911 210 |
| 17 | REFUSJONER | -797 000 | -603 000 | -3 954 917 |
| 19 | FINANSINNTEKTER | - | -1 137 000 | -801 862 |
| | **Sum inntekter** | **-34 975 000** | **-31 680 000** | **-34 667 989** |
| | **Sum 4 Tekniske tenester** | **14 692 000** | **11 657 000** | **14 382 212** |

**Tabell 9-3 Nettobudsjett fordelt på ansvarsområde - Teknisk drift**

| | 4 Tekniske tenester | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 40 | TEKNISKE TENESTER FELLES | 949 000 | 912 000 | 1 019 979 |
| 43 | KOMMUNALE BYGG OG REINHALD | 12 331 000 | 10 899 000 | 11 602 190 |
| 44 | EIGEDOM OG VEG | 2 608 000 | 2 055 000 | 2 928 563 |
| 45 | VATN | -1 821 000 | -2 764 000 | -1 767 969 |
| 46 | AVLØP | -2 678 000 | -2 678 000 | -2 730 173 |
| 49 | BRANN OG FEIERVESEN | 3 303 000 | 3 233 000 | 3 329 621 |
| | **Sum 4 Tekniske tenester** | **14 692 000** | **11 657 000** | **14 382 212** |

*)*Netto resultat knytt til vatn og avløp skal dekke kommunen sine kapitalkostnader.*

### 9.1.5 Tiltak

- gjennomføring av investeringsprosjekt
- kompetanseutvikling på alle plan
- vidareutvikling av FDV programvaren
- vidareutvikle rutinar og prosedyrar
- implementere dataverktøy for den enkelte
- oppgradering av heimkunnskapsrom i ungdomsskulen (ØSUS)
- skifte av ventilasjonsanlegg ved ØSUS
- legge ytterlegare til rette for tilkopling til vatn og avløp
- styrke tryggleik for tilstrekkeleg vatn til Beitostølen
- optimalisere leidningsnett - redusere lekkasjar
- oppretthalde god standard på kommunale vegar

# 10 Næring og byggesak

### 10.1.1 Mål og status

Kommuneplanens samfunnsdel legg mange føringar for mål og arbeidsoppgåver i avdeling for næring og byggesak. Områda under er dei som har størst relevans for fagavdelinga Næring og byggesak.

**Vekst i kvalitet**

Næring og byggesak i Øystre Slidre kommune skal bidra på sine felt for ei berekraftig forvaltning av kommunen sine naturressursar og for å ivareta det biologiske mangfaldet. Visjonen «Øystre Slidre – rein naturglede» skal vera ein ledetråd i avdeling for Næring og byggesak sine prioriteringar, virke og sakshandsaming.

Avdeling for næring og byggesak i Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som set brukarane og service i sentrum.

**Offensiv organisasjon.**

Næring og bygg skal vera ein offensiv organisasjon som ved effektiv ressursbruk, tilbyr tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstiller innbyggarane, dei næringsdrivande og gjestene sine grunnleggande behov. Langsiktig arbeid på oppmålingssida for å gje ryddige eigedomstilhøve har vore viktig for effektiv saksflyt i kommunal forvaltning og sakshandsaming. Dette er òg nyttig på mange andre måtar både for privatpersonar og næringsdrivande, og er eit arbeid som framleis må prioriterast. Avdelinga vil ta tak i og i større grad utnytte dei mogelegheitene som ligg i elektronisk kommunikasjon. Målet er å forbetre og effektivisere kontakten med brukarane av våre tenester.

**Byggesak**

Det vart frå 1.juli 2015 gjort endringar i bygningslova § 20-5, der ei rekke tiltak som før var søknadspliktige no har fått unntak. Erfaringane så langt syner at lovendringa har gitt avdelinga meirarbeid. Dette kan m.a. skuldast feiltolkingar av lovverket, og at naboar til bygningstiltak ofte tek kontakt og bed om ulike avklaringar. Generelt er det avdelinga si erfaring at det årleg blir ført opp mange bygg som ikkje er omsøkt på lovleg måte. Oppfølging av slike saker er svært tidkrevjande. Kommunen har òg ei plikt etter bygningslova til å føra tilsyn i byggesaker etter ein vedteken tilsynsstrategi. Det er eit mål for 2016 å få eit tilsynsregime på plass, og gjennomføre tilsyn i eit omfang som minimum dekker lovkravet.

Etter avdelinga sitt syn er det ikkje rettvist at byggesaker som får tilsyn skal betale eit gebyr som andre slepp. Ein har derfor i budsjettet gjort framlegg om å legge tilsynsgebyra inn som ein del av byggesaksgebyret. Vidare har ein gjort framlegg om ei auke i byggesaksgebyr for tiltak etter PBL § 20-1 a og PBL § 30-6, og saker for utsleppsløyve. Grunngjevinga for dette er at gebyra utgjer ein svært liten del av dei samla byggekostnadane i desse sakene, i forhold til mange andre typar tiltak. Ei revidering av desse gebyra som vist i tabellen under, vil også bringe kommunen meir på linje med gebyrsatsane i kommunar det er naturleg å samanlikne seg med, som Øyer, Ringebu og Ringsaker.

Til slutt kjem det forholdet at ein mister gebyrinntekter i saker etter PBL § 20-5 utan at arbeidet med desse sakene blir borte, og dette må ein søke kompensasjon for på ein eller annan måte.

Rådmannen finn det og rett å innføre eit nytt gebyr for tiltak som er sett i gang før det er sendt søknad. Grunngjevinga for dette er at slike saker gir svært mykje ekstraarbeid for kommunen, og at ein ofte kjem i den situasjon at kommunen som bygningsmynde ikkje får påverke

plassering eller utforming, utan at dette får betydelege økonomiske konsekvensar for tiltakshavar.

**Tabell 10-1 Gebyrsatsar**

| Søknadspliktige tiltak etter pbl § 20-1 a (eks. anlegg) | 2015 | 2016 |
|---|---|---|
| Opp til og med 100 $m^2$ BRA | 5 500 | 8 750 |
| 101 $m^2$ – 200 $m^2$ BRA | 2 250 | 3 500 |
| For kvar påbyrja 100 m2 ut over 200 m2 BRA | 1 125 | 2 500 |
| ***Søknadsgebyret dekker eventuelle tilsyn*** | | |

| Søknadspliktige tiltak etter pbl § 30-6 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|
| Fritidsbustad inkl. evt. uthus / anneks | 13 700 | |
| Fritidsbustad med eventuell samtidig søknad på uthus og / eller anneks | | 14 000 |
| 101 m2 – 200 m2 BRA | | 3 800 |
| For kvar påbyrja 100 m2 ut over 200 m2 BRA | | 3 000 |
| ***Søknadsgebyret dekker eventuelle tilsyn*** | | |

| Tiltak igangsett utan at søknad er innsendt | 2015 | 2016 |
|---|---|---|
| Tiltak etter 3.2.1 - 3.2.5 som blir igangsett utan at søknad er innsendt får eit tilleggsgebyr likt søknadsgebyret | | Nytt |

| Handsaming av utsleppsløyve | 2015 | 2016 |
|---|---|---|
| Melding om etablering av mindre avløpsanlegg | 3 000 | 3 100 |
| Søknad om utsleppsløyve for avløpsanlegg | 4 300 | 5 500 |
| Søknad om utsleppsløyve for avløpsanlegg >15PE | 13 000 | 15 200 |
| Mindre endring av utsleppsløyve | 3 000 | 3 100 |
| ***Søknadsgebyret dekker eventuell kontroll og tilsyn*** | | |

## Næringsutvikling

Målet nedfelt i kommunen sin planstrategi er at *«Øystre Slidre kommune skal vera den beste Opplandskommunen på næringsutvikling og nyskaping målt i nye bedrifter pr. innbyggjar».* Valdres næringshage er tildelt ansvaret for etablerar-opplæring og etablerar-vegleiing, men Næring og byggesak skal likevel bidra til å vidareutvikle kommunens gode kultur for næringsutviklingsarbeid og stimulere til god ressursutnytting. Avdelinga skal ta derfor tak i ein del av dei utfordringar og mogelegheiter ein ser for auka verdiskaping i næringslivet.

Avdelinga skal vera ein pådrivar og motivator for innovasjon og nyskaping. Avdelinga ynskjer å bidra positivt til kommunen sitt omdømme, samt å bidra til ein god infrastruktur og etablering av gode opplevingstilbod. Dette gir konkurransekraft i hyttenæringa og eit større samla produkt i den verdikjeda som mange i næringslivet er avhengige av. Ein vil òg arbeide sterkare for at nokre av dei midlane som er sett av til næringsutviklingsformål kan nyttast til å initiere større satsingar, og ikkje berre blir brukt til søknader som er i tråd med retningslinene.

## Landbruk

Om ein vurderer landbruket ut frå utviklinga i driftseiningar og dyretal, kjem vi best ut av valdreskommunane.

Interessa for å investere i bygningar har vore stor, og dette er noko vi ønskjer å halde oppe. Vi legg opp til å legge forholda til rette for det, m.a. med rask og god rådgjeving og sakshandsaming i utbyggingssaker. Dette er spesielt viktig no når administrasjonen av utbyggingssaker er lagt til Innovasjon Oppland på Lillehammer. Underavverkinga i skogen er minkande, men framleis for stor.

Avdelinga skal òg drifte og forvalte miljø og biologisk mangfald på ein balansert måte, til beste natur, miljø og næringsutvikling, og gjennom det bidra til kommunens visjon «Rein naturglede».

### 10.1.2 Stillingsramme

**Tabell 10-2 Stillingsramme - Næring og byggesak**

| Stilling | 2016 | 2015 | Endring | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| Leiar | 1,0 | 1,0 | 0,0 | |
| Jordbrukssjef | 1,0 | 0,7 | 0,3 | Heilårsverknad av ny stilling |
| Oppmålingsingeniør | 1,0 | 1,0 | 0,0 | |
| Saksbehandlar | 2,0 | 2,0 | 0,0 | |
| Sekretær | 1,0 | 1,0 | 0,0 | |
| Skogbrukssjef | 1,0 | 1,0 | 0,0 | |
| Spes.arb. oppmåling | 0,1 | 0,1 | 0,0 | |
| **Totalt** | **7,1** | **6,8** | **0,3** | |

### 10.1.3 Økonomiske hovudtal

**Tabell 10-3 Økonomiske hovudtal - Næring og byggesak**

| | 5 NÆRING OG BYGGESAK | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 10 | LØN OG SOSIALE UTGIFTER | 4 827 000 | 4 431 000 | 4 182 206 |
| 11 | KJØP AV VARER OG TENESTER | 921 000 | 1 077 000 | 706 902 |
| 12 | INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V. | 215 000 | 285 000 | 1 387 862 |
| 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 1 563 000 | 1 326 000 | 1 294 509 |
| 14 | OVERFØRINGAR | 1 830 000 | 2 187 000 | 2 536 090 |
| 15 | FINANSERINGSUTGIFTER | - | - | 23 504 |
| | **Sum utgifter** | **9 356 000** | **9 306 000** | **10 131 072** |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -3 243 000 | -2 919 000 | -3 531 249 |
| 17 | REFUSJONER | -97 000 | -150 000 | -848 132 |
| 18 | STATSTILSKOT | - | - | -65 000 |
| 19 | FINANSINNTEKTER | - | -242 000 | -20 112 |
| | **Sum inntekter** | **-3 340 000** | **-3 311 000** | **-4 464 493** |
| | **Sum 5 Næring og byggesak** | **6 016 000** | **5 995 000** | **5 666 579** |

**Tabell 10-4 Nettobudsjett fordelt på ansvarsområde - Næring og byggesak**

| | Næring Byggesak | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 500 | FELLES NÆRING OG BYGG | 1 349 000 | 1 057 000 | 813 641 |
| 510 | KART OG OPPMÅLING | 395 000 | 258 000 | 101 570 |
| 511 | BYGGESAK | -489 000 | -236 000 | -801 414 |
| 512 | BEHANDLINGSGEBYR | -200 000 | -120 000 | -158 967 |
| 520 | NÆRINGSUTVIKLING | 3 405 000 | 3 563 000 | 4 151 630 |

| | Næring Byggesak | Budsjett 2016 | Buds(end) 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 521 | LANDBRUK | 1 541 000 | 1 461 000 | 1 562 961 |
| 522 | VILT- OG UTMARKSFORVALTNING | 15 000 | 12 000 | -2 842 |
| | Netto utgifter | 6 016 000 | 5 995 000 | 5 666 579 |

## 10.1.4 Tiltak

**Tabell 10-5 Næringstiltak**

| Tilskott til næringsutvikling | Budsjett 2016 | Budsjett 2015 |
|---|---|---|
| **Næringstiltak** | | |
| Idrettskoordinator | 175 000 | 175 000 |
| Snølagring | 200 000 | 200 000 |
| Andre tilskott | 60 000 | 60 000 |
| Formannskapets disposisjon | 200 000 | 300 000 |
| Formannskapet - Tilskott til festivaler | 100 000 | - |
| **Sum** | **735 000** | **735 000** |
| | | |
| **Andre næringstiltak - avtaler** | | |
| Valdres Natur og Kulturpark | 792 000 | 792 000 |
| Visit Valdres | 720 000 | 720 000 |
| Vannområde Valdres | 40 000 | 40 000 |
| Tilskott til løypelag | 250 000 | 250 000 |
| Husleige Beitostølen Turistinformasjon | 40 000 | 46 000 |
| Kompensasjon - løypeavtaler | 460 000 | 500 000 |
| Leige Beitostølen Stadion | 210 000 | 210 000 |
| Stig og løypeplan | 200 000 | 200 000 |
| **Sum** | **2 712 000** | **2 758 000** |
| | | |
| **Totalt** | **3 447 000** | **3 493 000** |

# 11 Kraftforvaltning

Kommunen disponerer ei kraftmengde på om lag 54,5 GWh. Av dette blir 47,5 GWh seld på kraftbørsen, medan resten av kraftmengda blir tilbakeseld til produsenten og brukt i eigne bygg. I økonomiplanen 2016-2019 er det lagt til grunn ein marknadspris, med 22,0 øre per kWh.

Nettoinntekta av kraftsalet har tidlegare år vorte avsett til eit eiget disposisjonsfond (disposisjonsfond kraftsal). På grunn av at storleiken på disposisjonsfondet ligg vesentleg over gjeldande handlingsregel sitt mål på 17,5 % av brutto driftsinntekt, er ikkje netto overskott i kraftforvaltninga føresett avsett til fond i økonomiplanperioden. Ein annan grunn er at det er forventa lågare kraftprisar i økonomiplanperioden 2016-2019 sett i forhold til tidlegare år.

**Tabell 11-1 Økonomisk hovudoversikt - Kraftforvaltinga**

| 80 KRAFTFORVALTNING | Regnskap 2012 | Regnskap 2013 | Regnskap 2014 | Budsjett 2015 | Budsjett 2016 |
|---|---|---|---|---|---|
| **kraftpris øre per kWh** | **34** | **30,0** | **24,0** | **26,5** | **22,0** |
| Lønsutgifter og andre driftsutgifter | 820 000 | 733 934 | 294 489 | 339 000 | 293 000 |
| Konsulenttenester etc. | 358 000 | 162 826 | 81 961 | 80 000 | 130 000 |
| Kjøp av kraft | 6 000 000 | 6 933 147 | 7 610 809 | 6 800 000 | 6 900 000 |
| Skatt | 1 452 000 | 942 356 | 351 871 | 400 000 | 300 000 |
| **Sum utgifter** | **8 630 000** | **8 772 263** | **8 339 161** | **7 619 000** | **7 623 000** |
| Konsesjonsavgift | -3 250 000 | -3 257 931 | -3 550 934 | -3 300 000 | -3 600 000 |
| Sal avtalekraft og eigarkraft | -7 880 000 | -8 271 812 | -5 268 771 | -5 620 000 | -5 444 000 |
| Sal konsesjonskraft | -10 200 000 | -8 107 981 | -7 510 222 | -7 750 000 | -6 700 000 |
| Andre inntekter t | -1 800 000 | 0 | -330 815 | -250 000 | 0 |
| Utbytte | -1 560 000 | -1 641 448 | -1 819 448 | -1 500 000 | -1 500 000 |
| **Sum inntekter** | **-24 690 000** | **-21 279 172** | **-18 480 190** | **-18 420 000** | **-17 244 000** |
| **Resultat før avsetning** | **-16 060 000** | **-12 506 909** | **-10 141 029** | **-10 801 000** | **-9 621 000** |
| Avsetning til disposisjonsfond | 12 918 000 | 10 135 000 | 7 921 891 | 7 501 000 | 0 |
| Avsetning til kraftfondet | 3 250 000 | 3 257 931 | 3 550 934 | 3 300 000 | 3 600 000 |
| **Resultat etter avsetning** | **108 000** | **886 023** | **1 331 766** | **0** | **-6 021 000** |

# 12 Finansforvaltning

Kommunen har midlane plassert i bank per dato. 20 mill. kr var inntil for ei tid sidan plassert i fondsobligasjonar med god avkastning. Plasseringstida gikk ut i 2014 og 2015. Desse midlane er føresett re-plassert i rentepapir med høgare avkastning enn bankrente, men med låg risiko.

Økonomiplanen viser at kommunen føresett å bruke ein del av fonda til eigenkapital-finansiering av investeringar. Dette vil føre til ein viss reduksjon av disposisjonsfonda og finanskapitalen i økonomiplanperioden.

**Tabell 12-1 Renteberande omløpsmiddel – prognose/budsjett for 2016**

| | | Beløp | | Renter |
|---|---|---|---|---|
| **Bankinnskot:** | | | | |
| **Driftsmidlar** | Sparebank 1 Hallingdal Valdres | 65 000 000 | 2,00 % | 1 300 000 |
| **Overskotslikviditet** | Sparebank 1 Hallingdal Valdres | 35 000 000 | 3,00 % | 1 050 000 |
| **Sum bankinnskott** | | **100 000 000** | | **2 350 000** |
| **Ansvarlege lån** | | | | |
| | Valdres Energiverk | 20 000 000 | 6,70 % | 1 340 000 |
| | Eidsiva Energi | 4 934 000 | 7,00 % | 345 000 |
| Andre finansinntekter | | | | 490.000 |
| **Sum renteinntekter frå finansforvaltninga** | | | | **4 525 000** |
| Utbytte (Valdres Energi A/S og Eidsiva Energi A/S) | | | | 1 500 000 |
| **Totalt** | | | | **5 490 000** |

# 13 Avgifter og betalingssatsar

### 13.1.1 Eigenbetaling i barnehagane

Stortinget fastset i sitt årlege budsjettvedtak maksimalgrensa for foreldrebetaling for plass i barnehage. For 2016 er forslaget frå regjeringa at maksimalgrensa for heildagstilbod for foreldrebetalinga skal vera 2 580 kr per månad. Betalinga for deltidstilbod skal vera lågare enn for heildagstilbod.

Kommunen skal tilby minimum 30 % syskenmoderasjon i foreldrebetalinga ved 2. barn, og minimum 50 % moderasjon for 3. eller fleire barn.

For 2016 er det budsjettert med brutto driftsutgifter på 17 998 000 kr til drift av barnehagane, og 1 204 000 kr til barnehagelokale. I driftsinntektene er det budsjettert med 3 063 000 kr i eigenbetaling.

Tabellen under viser dei nye betalingssatsane:

**Tabell 13-1 Eigenbetaling i barnehagane**

| | 2015 | 2016 |
|---|---|---|
| 5 dagar/veke | Kr 2.580,- per månad | Kr 2.580,- per månad |
| 4 dagar/veke | Kr 2.500,- per månad | Kr 2.500,- per månad |
| 3 dagar/veke | Kr 2.400,- per månad | Kr 2.400,- per månad |
| Einskildagar/ekstradagar | Kr 195,- per dag | Kr 200,- per dag |
| Matpengar | Kr 15,- per dag | Kr 15,- per dag |
| Gebyr for sein henting | Ved 2. og 3. gong forseinking inntil 15. minutt: kr. 300.-<br>Fleire gongar eller lengre forseinkingar: kr. 500,-<br>(frå 15. august 2015) | Ved 2. og 3. gong forseinking inntil 15. minutt: kr. 300.-<br>Fleire gongar eller lengre forseinkingar: kr. 500,- |
| Syskenmoderasjon | 30 % for 2. barn<br>50 % for 3. eller fleire barn | 30 % for 2. barn<br>50 % for 3. eller fleire barn |

### 13.1.2 Eigenbetaling i skulefritidsordninga

Med heimel i § 13-7 i Opplæringslova, kan kommunen krevje utgiftene til dette tilbodet dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.

For 2016 er det budsjettert med brutto driftsutgifter på 750 000 kr til drift av SFO-tilbodet. Dette beløpet inkluderer ikkje del av utgifter til lokale. I eigenbetalinga er det budsjettert med 664 000 kr.

**Tabell 13-2 Eigenbetaling i SFO**

| | 2015 | 2016 |
|---|---|---|
| 0-7 timar | Kr 1.080,- per månad | Kr 1.110,- per månad |
| 8-14 timar | Kr 1.730,- per månad | Kr 1.780,- per månad |
| Over 15 timar | Kr 2.160,- per månad | Kr 2.225,- per månad |

### 13.1.3 Eigenbetaling i kulturskulen

For 2016 er det budsjettert med bruttodriftsutgifter 2 739 000 kr til drift av kulturskulen. Det er budsjettert med 588 000 kr i eigenbetaling. I tillegg kjem inntekter i samband med sal av tenester til Øystre Slidre skulemusikk og andre kommunar, til saman 405 000 kr. Moderasjonsordninga utgjer om lag 15 000 kr årleg.

Tabellen under viser dei nye betalingssatsane:

**Tabell 13-3 Eigenbetaling i kulturskulen**

| | 2015 | 2016 |
|---|---|---|
| Undervisning i kulturskulen | Kr 3.500,- per skuleår | Kr 3.600,- per skuleår |
| Gruppeundervisning i langeleik | Kr 2.480,- per skuleår | Kr 2.555,- per skuleår |
| Kunstfag inkl. materiell | Kr 3.500,- per skuleår | Kr 3.600,- per skuleår |
| Dansegrupper/teater | Kr 2.480,- per skuleår | Kr 2.555,- per skuleår |
| Kor | Kr 960,- per skuleår | Kr 990,- per skuleår |
| Band | Kr 960,- per skuleår | Kr 990,- per skuleår |
| Revy | Kr 930,- per skuleår | Kr 960,- per skuleår |
| Syskenmoderasjon 2. barn | 600 kr for individuell- og gruppeundervisning. Ingen moderasjon for kor, dans og band | 620 kr for individuell- og gruppeundervisning. Ingen moderasjon for kor, dans og band |
| Syskenmoderasjon 3. eller fleire barn | Ingen moderasjon for kor, band og revy. | Ingen moderasjon for kor, band og revy. |
| Vaksen | Kr 4 660,- per skuleår | Kr 4 800,- per skuleår |

Øystre Slidre kommune krev standard purregebyr, jf. Inkassoforskrifta § 1-2.

### 13.1.4 Opphald på sjukeheimen

Betalinga for opphald på sjukeheimen følgjer satsar fastsett i lov og forskrift. Rådmannen legg fram dei satsane som følgjer av regelverket.

**Generelt**

I medhald av § 11-2 i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. kan kommunen pålegge den som får tenester etter denne lova, å dekkje kostnadene heilt eller delvis. Nærare reglar for slik eigenbetaling er fastsett i eiga forskrift.

**Langtidsopphald**

§3 i Forskrift om vederlag for opphald i institusjon m.v. fastset slike reglar for betaling ved langtidsopphald:

*Av inntekter inntil folketrygdens grunnbeløp, fratrukket et fribeløp på kroner 7500 pr år, kan det kreves betalt 75 % årlig. Betalingen skal begrenses slik at enhver har i behold til eget bruk minst 25 % av folketrygdens grunnbeløp i tillegg til fordelen av fribeløpet. Av inntekter utover folketrygdens grunnbeløp betales inntil 85 %.*

**Korttidsopphald**

I § 4 er det fastsett slike reglar ved korttidsopphald:

*Kommunen kan ta betaling med inntil kroner 147 pr. døgn for korttidsopphold og med inntil kroner 77 for det enkelte dag- eller nattopphold. (rundskriv I-1/2015)*

Rådmannen viser til at justering av beløp i forskrifta for eigenbetaling skjer etterskotsvis i februar-mars. Rådmannen foreslår med bakgrunn i dette at kommunen bruker til ei kvar tid gjeldande sats.

**Kurdøgnpris**

Vederlaget for opphaldet må ikkje overstige dei reelle opphaldsutgifter. Kapitalutgiftene skal ikkje takast med i utrekninga av opphaldsutgiftene. Kommunen fastset opphaldsutgiftene ved den einskilde institusjonen.

Kurdøgnprisen seier kva det kostar å drive ein institusjonsplass. Til grunn for utrekninga av kurdøgnprisen ligg brutto driftsutgifter minus brutto driftsinntekter utanom vederlagsbetal-inga.

**Tabell 13-4 Kurdøgnpris**

| **Brutto budsjetterte driftsutgifter 2016** | |
|---|---|
| - teneste 3700-3709 Opphald og drift sjukeheimen | 34 498 000 |
| Brutto driftsinntekter (korr. for vederlagsbetalinga) | 1 502 000 |
| Grunnlag for kurpris 2016 | 32 996 000 |
| Kurpris per år | 868 316 |
| **Kurdøgnpris** | **2 379** |

Sjukeheimen har 38 godkjende plassar. Det er for 2016 budsjettert med 6,0 mill. kr i samla eigenbetaling ved sjukeheimen.

### 13.1.5 Heimehjelp

I medhald av § 11-2 i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. kan kommunen pålegge den som får tenester etter denne lova, å dekkje kostnadene heilt eller delvis. Nærare reglar for slik eigenbetaling er fastsett i eiga forskrift.

Med grunnlag i budsjettet for 2015 er sjølvkost for denne tenesta utrekna til 260 kr per time.

Forskrift til Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. definerer sjølvkost som *"en gjennomsnittlig timelønn for den tjenesten som utføres, tillagt sosiale utgifter samt administrasjonsutgifter som skal utgjøre 10 % av timelønn og sosiale utgifter."*

Maksimal eigenandel er i forskrifta sett til 186 kr per månad for mottakarar med inntekt under 2G (180 136 kr).

**Tabell 13-5 Eigenbetaling hjelp i heimen per time**

| | **2015** | **2016** |
|---|---|---|
| Skattbar inntekt under 2 G* | 78 | 81 |
| Skattbar inntekt 2 - 3 G | 96 | 99 |
| Skattbar inntekt 3 – 4 G | 165 | 173 |
| Skattbar inntekt 4 – 5 G | 250 | 260 |
| Skattbar inntekt over 5 G | 250 | 260 |

- G=grunnbeløpet i folketrygda 2015 er 90 068 kr.

ØSK har etablert ein profil på satsane med sterk subsidiering på dei lågaste inntektsnivåa, og dette blir føresett vidareført i 2016.

Rådmannen forslår at satsen for inntekt over 4G følgjer sjølvkost, og at satsen på dei andre inntektsnivåa blir oppjustert som vist i tabellen.

### 13.1.6 Mat

**Tabell 13-6 Satsar for betaling av mat Øystre Slidre kommune**

| | **2015** | **2016** |
|---|---|---|
| **Ved utkjøring av mat** | | |
| - varm mat | 79 | 82 |
| - frukost/kveldsmål | 44 | 46 |
| **Ved servering på sjukeheimen** | | |
| - middag | 68 | 71 |
| - frukost/kveldsmål | 44 | 46 |
| - middag tilsett, andre | 75 | 78 |

Prisane på mat blir vurdert til å vera samanliknbare med ferdigmat i butikk.

Rådmannen foreslår at prisen i 2015 for kjøp av middag ved sjukeheimen blir auka tilsvarande deflator (3 %).

### 13.1.7 Tryggleiksalarm

Satsen for tryggleiksalarm er for 2014 sett til 175 kr per månad. Dette inkluderer avgift til vaktsentralen, kostnader til klargjering, sørvis og reparasjonar. F.o.m. 01.01.2015 vil vi måtte abonnere på desse tenestane frå 110-sentralen. Dette vil auke våre totale utgifter til å drifte denne tenesta.

Med bakgrunn i dette foreslår Rådmannen å auke satsen frå 175 til 185 kr per månad. Kostnaden speglar Øystre Slidre kommune sine reelle kostnader på dette området.

Rådmannen foreslår at betalinga for tryggleiksalarm i 2015 blir sett til 185 kr per månad.

## 13.2 Gebyrregulativet 2016

# Tekniske tenester m.m.

GJELDANDE FRÅ 01.01.2016

GEBYR VEDTEKE MED HEIMEL I:

§ 33-1 i Plan- og bygningslova av 27.6.2008 med endringar sist ved lov av 20.6.2014.
§ 32 i Lov om eigedomsregistrering (Matrikkellova) av 17.6.2005 endringar sist ved lov av 3.9.2010.
§ 7 i Lov om eigarseksjonar av 23.5.1997 med endringar sist ved lov av 21.6.2013.
§ 52 a i Forureiningslova av 13.3.1981 med endringar sist ved lov av 13.6.2014.
Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker av 22.9.2014.
§ 43 i Lov om vilt av 29.5.1981 med endringar sist ved lov av 28.3.2014.
§ 28 i Brann- og eksplosjonsvernlova av 14.6.2002 med endringar sist ved lov av 1.11.2013.
§ 21 i Gravferdslova av 7.6.1996 med endringar sist ved lov av 8.6.2012.

INNHALD


| | |
|---|---|
| KAP. 1.0 | Generelle reglar. |
| KAP. 2.0 | Gebyr for handsaming av private planforslag og planprogram. |
| KAP. 3.0 | Gebyr i byggesaker |
| KAP. 4.0 | Eigedomsregistrering |
| KAP. 5.0 | Seksjonering |
| KAP. 6.0 | Mindre avløpsanlegg |
| KAP. 7.0 | Gebyr for vass- og avløpstenester |
| KAP. 8.0 | Søknad om konsesjon |
| KAP. 9.0 | Feiegebyr |
| KAP. 10.0 | Gravferdsgebyr |


### KAP. 1.0 GENERELLE REGLAR

**1.1 Betalingsplikt**
Alle som får utført tenester etter dette regulativ skal betale gebyr.

**1.2 Berekningstidspunkt**
Gebyr for sakshandsaming vert rekna etter den sats som gjeld på det tidspunktet komplett planforslag, søknad, melding eller rekvisisjon vert registrert i kommunen sin postjournal.

**1.3 Faktureringstidspunkt og innfordring**
Årsavgifter for vatn og avløp forfell til betaling med halvårlege terminar 15. mars og 15. september. Feieavgift vert sendt ut med forfall i juli. Alle gebyr forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato.
Ved for sein betaling tilkjem morarenter frå forfallsdato, samt purregebyr heimla i inkassoforskriften. Justisdepartementet justerer årleg inkassosatsen på grunnlag av utviklinga i konsumprisindeksen. Forseinkingsrenter følgjer sats vedtatt av finansdepartementet. Purregebyr i 2015 vert i samsvar med vedtekne satsar 1/10 av inkassosatsen på purring 1. gong og 3/10 på purring 2. gong. For tida **8,75 %** morarenter samt - **kr. 67** - i purregebyr første gong og - **kr. 201** - andre gong.

**1.4 Gebyr rekna etter medgått tid**
For eit gebyr som ikkje kan fastsetjast på annen måte, eller skal reknast etter medgått tid – jfr. regulativet, skal ein bruke timesats **- kr. 750,-** for å fastsette gebyret.

**1.5 Gebyr for sak som vert trekt**
Når ein tiltakshavar eller rekvirent er årsak til at ei behandling av søknad vert avbrote, skal det betalast gebyr i høve til det arbeidet som er utført.

**1.6 Urimeleg gebyr**
Dersom gebyret etter dette regulativ er å sjå på som openbart urimeleg kan kommunen fastsetje eit passande gebyr.

**1.7 Høve til å klage**
Fastsetjing av gebyr i den einskilde sak kan ikkje påklagast, da dette er en oppfølging av dette regulativet. Der administrasjonen har fastsett gebyr ved skjønnsmessige vurderingar kan vedtaket påklagast til formannskapet. Formannskapet kan etter klage fastsetje storleiken på gebyret.

### KAP. 2.0 GEBYR FOR BEHANDLING AV PRIVATE PLANFORSLAG OG PLANPROGRAM.
Gebyr for arbeider etter plan- og bygningslova heimla i same lov § 33-1

**2.1 Gebyr for arealplanar.**
Øystre Slidre kommune krev inn gebyr for behandling av private forslag til regulerings-planar og planprogram. Gebyret skal dekke kommunen sitt arbeid med vurdering av planforslaget.

| **2.1.1 Gebyr for behandling av privat forslag til reguleringsplan.** | |
|---|---|
| Gebyr for behandling av privat forslag til reguleringsplan etter pbl § 12-11. | **kr. 18.000** |
| Gebyr for administrering av offentleg ettersyn av planprogram.<br>Gjeld forarbeid til privat forslag til reguleringsplan som er definert å få ”vesentleg verknad for samfunn og miljø”. | **kr. 9.000** |
| Gebyr for private forslag til reguleringsendringar som vert sluttbehandla i planutval. | **Kr. 9.000** |

### KAP. 3.0 GEBYR I BYGGESAKER
Gebyr for arbeider etter plan- og bygningslova heimla i same lov § 33-1

**3.1 Gebyr for byggesaker**
Øystre Slidre kommune krev inn gebyr for handsaming av byggesaker. Alle gebyr vert fakturert tiltakshavar. Der gebyret vert fastsett gjennom areal på bygg skal det nyttast definisjonen på bruksareal (BRA) etter Norsk Standard NS 3940.
Det vert kravd inn fullt gebyr ved utsteding av rammeløyve. Igangsettingsløyve for bygg som det er gitt rammeløyve på vert belasta med gebyr etter tabell 3.2.2 + ansvarsrettar.

### 3.2 Gebyr for handsaming av byggesaker

| 3.2.1 Søknadspliktige tiltak etter pbl § 20-3 | |
|---|---|
| **Tiltak som krev løyve etter Pbl § 20-1** | |
| pkt. a: Oppføring av tilbygg, påbygg, underbygging eller plassering av bygning eller konstruksjon, eksklusiv anlegg | |
| Opp til og med 100 m² BRA | **kr. 8.750** |
| 101 m² – 200 m² BRA | **kr. 12.250** |
| For kvar påbyrja 100 m² ut over 200 m² BRA | **kr. 2.500** |
| pkt a: anlegg<br>pkt. b: vesentleg endring og reparasjon av tiltak som er søknadspliktig etter pbl 20-1 a<br>pkt. c: fasadeendring<br>pkt. d: bruksendring m.v.<br>pkt. e: riving av tiltak nemnd i pbl 20-1 a<br>pkt. f: oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar pkt. g: oppdeling eller samanføying av brukseiningar i bustad samt annan ombygging som gjev endring/fråvik frå bustad.<br>pkt. h: oppføring av innhegning mot veg,<br>pkt. i: plassering av skilt eller reklameinnretningar<br>pkt. j: plassering av midlertidige bygningar, konstruksjonar eller anlegg.<br>pkt. k: vesentlege terrenginngrep<br>pkt. l: anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass | **kr. 4.500** |

| 3.2.2 Søknadspliktige tiltak etter pbl § 20-4 | |
|---|---|
| Pbl § 20-4 a: Mindre tiltak på bygd eigedom. Tilbygg <50 m² BRA, frittliggande bygg < 70 m² BRA | **kr. 4.500** |
| Pbl § 20-4 b: Driftsbygningar i landbruket | **kr. 3.000** |
| Pbl § 20-4 c: Mellombels bygningar og konstruksjonar eller anlegg som ikkje skal plasserast for lenger tid enn 2 år | **kr. 3.000** |
| Pbl § 20-4 d: Oppretting av ny grunneigedom, ny festegrunn eller annan arealoverføring | **kr. 4.500** |
| Pbl § 20-4 e: Andre mindre tiltak som etter vurdering frå kommunen. | **kr. 3.000** |

| 3.2.3 Søknadspliktige tiltak etter pbl § 30-6, fritidsbustad | |
|---|---|
| Fritidsbustad med eventuell samtidig søknad på uthus og/eller anneks | **kr. 14.000** |
| 101 m2 – 200 m2 BRA | **kr. 17.800** |
| For kvar påbyrja 100 m2 ut over 200 m2 BRA | **kr 3.000** |

| 3.2.4 Tiltak sett i gang utan at søknad er innsendt | |
|---|---|
| Tiltak etter 3.2.1, 3.2.2, 3.2.2 og 6.1 som blir sett i gang utan at søknad er innsendt får eit tilleggsgebyr likt søknadsgebyret | **Lik søknads-gebyret** |
| Tiltak etter 3.2.1, 3.2.2 og 3.2.3 tatt i bruk utan ferdigattest eller midlertidig bruksløyve | **kr 5.000** |

| 3.2.5 Dispensasjon | |
|---|---|
| Dispensasjon frå plan- og bygningslov med forskrifter | **kr. 4.300** |
| Dispensasjon frå arealplanar m.m. som krev politisk behandling | **kr. 7.900** |

| 3.2.6 Tilsyn/synfaring | |
|---|---|
| Synfaring i samband med utskriving av ferdigattest eller mellomb. bruksløyve | **kr. 3.000** |
| Synfaring 2. gong i samband med kontroll av utstikking av bygg. | **kr. 3.000** |

## KAP. 4.0 EIGEDOMSREGISTRERING

Arbeid etter lov om eigedomsregistrering (Matrikkellova) § 32 med forskrift § 16 og lokal forskrift om unntak frå tidsfristar (vinterforskrift).

For einskilde oppgåver etter matrikkellova er betalingssatsar fastsett i lov eller forskrift (m a utskrift av matrikkelbrev, forskrift § 16,4). For andre oppgåver er det ikkje gjeve heimel for å krevje gebyr, m a forskrift § 16, 2-3 og kap 11. Kommunen er med matrikkellova pålagt utvida undersøkingsplikt og sakshandsamingsrutinar. Matrikkellova legg til grunn at kommunen kan få dekt sine samla utgifter for oppgåver etter lova gjennom dei gebyrheimlane lova gjev. Det er med matrikkellova innført saksbehandlings-fristar med avkorting av gebyr ved oversitting. Lokal forskrift om unntak frå tidsfristar kan heimle utsetting av ferdigstillingsfrist i samband med snø og vinterstengde vegar. Kommunen fullfører rekvisisjonar utan ugrunna opphald, normalt innan fristen på 16 veker. Ved grunna opphald, inklusiv lokal vinterforskrift (1.11.-15.5) forskyv fristen seg. Oversitting av fristen medfører 1/3 avkorting av gebyra.

**Betalingsreglar**
Gebyr skal betalast etter reglar og satsar på rekvisisjonstidspunktet. Krav om gebyr vert sendt i samband med matrikkelføring. For arbeid som ikkje krev matrikkelføring vert krav sendt når arbeidet er utført. Timesats for arbeid utført etter medgått tid er kr. 735,-

**Urimeleg gebyr**
Dersom gebyret er openbart urimeleg i høve til dei prinsipp som er lagt til grunn i matrikkellova, det arbeid og dei kostnadene kommunen har hatt, kan kommunen etter søknad fastsetje eit passande gebyr. Sjå kap. 1.0 Generelle reglar.

**Endringar i grunnlaget for matrikkel-føring av saka**
Gjer rekvirenten under saka si gang endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka, vert gebyret oppretthalde. Medfører endringa meirarbeid i høve til rekvirert sak, vert dettefakturert etter medgått tid.

**Andre utlegg**
Utlegg til tinglysingsgebyr, eventuell dokumentavgift, pantefråfall og utskrifter ut over det kommunen har fri tilgang til, kjem i tillegg til gebyr for den einskilde forretning.

**4.1 Gebyr for oppretting av matrikkeleining etter § 5.**

| **4.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrunn § 5a og e.** | |
|---|---|
| Areal frå 0 til 250 $m^2$ | **kr. 7.300** |
| Areal frå 251 $m^2$ – til 500 $m^2$ | **kr. 10.100** |
| Areal frå 510 $m^2$ – til 2.000 $m^2$ | **kr. 15.700** |
| Areal frå 2.001 - 5.000 $m^2$ Auke pr. påbegynt daa | **kr. 1.240** |
| Areal frå 5.001 $m^2$. Auke pr. påbegynt daa | **kr. 620** |

| **4.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn §§ 14 og 5e, m/forskrift § 31 og oppretting av grunneigedom på heil teig § 10 m/forskrift § 42.** | |
|---|---|
| Fakturering etter medgått tid. Minstegebyr. | **kr. 4.500** |
| Krev forretninga måling i terrenget vert det kravd inn gebyr som for oppretting av grunneigedom kap 4.1.1. | |

| **4.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon etter eigarseksjonslova § 7 og 9 m/forskrift § 35.** |
|---|
| Gebyr som for oppretting av grunneigedom kap 4.1.1 |

| **4.1.4 Oppretting av anleggseigedom § 5c og 11 m/forskrift § 29.** | |
|---|---|
| Volum til og med 2.000 $m^3$ | **kr. 15.700** |
| Volum frå 2.001 $m^3$ Auke pr. påbegynt 1.000 $m^3$ | **kr. 1.240** |

| **4.1.5 Registrering av jordsameige § 14 m/forskrift §§ 28 og 32.** | |
|---|---|
| Fakturering etter medgått tid. Minstegebyr. | **kr. 4.400** |

**4.2 Gebyr for oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning etter § 6 andre ledd m/forskrift §§ 18 og 25**

| **4.2.1 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning.** | |
|---|---|
| Gebyr i tillegg til ordinært gebyr | **kr. 2.500** |
| Dersom rekvirenten ber om matrikkelføring utan at der er halde oppmålingsforretning, skal det omsøkjast særskilt. Kommunen skal så vidt mogleg etterkomme søknaden. | |

| **4.2.2 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering.** |
|---|
| **1/3 av gebyrsatsane etter kap 4.1.1 eller 4.1.2.** |
| Dersom ei sak vert trekt av rekvirent før ho vert fullført, eller ho vert avvist, ikkje let seg matrikkel-føre på grunn av endra heimelstilhøve eller av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert det kravd gebyr tilsvarande 1/3 av satsane etter kap 4.1.1 eller 4.1.2. |

**4.3 Gebyr for grensejustering etter § 16 m/forskrift § 34.**

| **4.3.1 Grensejustering av grunneigedom, festegrunn og jordsameige.** | |
|---|---|
| Areal til og med 250 $m^2$ | **kr. 5.600** |
| Areal frå 251 - 500 $m^2$ | **kr. 7.500** |
| Det kan søkjast om grensejustering av inntil 5 % av dei aktuelle eigedomane sine areal – inntil 500 $m^2$. | |

| **4.3.2 Grensejustering av anleggseigedom.** | |
|---|---|
| Volum til og med 250 $m^3$ | **kr. 5.600** |
| Volum frå 251 – 1.000 $m^3$ | **kr. 7.500** |
| Det kan søkjast om grensejustering av inntil 5 % av anleggseigedomen sitt volum – inntil 1.000 $m^3$. | |

**4.4 Gebyr for arealoverføring etter § 15 m/forskrift § 33.**

| **4.4.1 Arealoverføring av grunneigedom, festegrunn og jordsameige.** |
|---|
| **For arealoverføring vert det nytta gebyrsatsane etter punkt 4.1.1 med tillegg av eit ekspedisjonsgebyr på kr. 1.750.** |
| Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Rettar, pant m.v. skal vere avklara og rydda før gjennomføring. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til føremål veg og jernbane. |

| **4.4.2 Arealoverføring av anleggseigedom.** | |
|---|---|
| Volum til og med 500 $m^3$ | **kr. 3.800** |
| Volum frå 501 $m^3$. Auke pr. påbegynt 500 $m^3$ | **kr. 1.240** |
| For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, - ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanføying er tilstades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhangande volum. | |

**4.5 Klarlegging av eksisterande grense etter § 17 m/forskrift § 36.**

| **4.5.1 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinat-bestemt ved oppmålingsforretning.** | |
|---|---|
| For inntil 2 punkt | **kr. 2.400** |
| Pr. stk. for overskytande grensepunkt | **kr. 620** |

| **4.5.2 Klarlegging av eksisterande grense og/eller rettar der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt.** | |
|---|---|
| For inntil 2 punkt | **kr. 6.800** |
| Pr. stk. for overskytande grensepunkt | **kr. 620** |
| Dersom det blir halde oppmålingsforretning samstundes over fleire tilgrensande eigedomar blir satsen for kvar eigedom inntil 2 punkt kr. 4.500. Overskytande punkt blir fordelt likt på eigedomane. Gebyr for klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid. (Dvs. pris for 4 hjørner kr. 7.800). | |

**4.6 Private grenseavtaler etter § 19 m/forskrift § 44.**

| **4.6.1 Registrering av privat grenseavtale med eksisterande grense** | |
|---|---|
| Fakturering etter medgått tid Minste gebyr for registrering | **kr. 1.900** |
| Krev forretninga måling i terrenget, skal dette fakturerast etter kap. 4.1.1 eller 4.1.6. | |

## 4.7 Matrikkelbrev etter § 30 m/forskrift § 17.

| 4.7.1 Utstedt matrikkelbrev | |
|---|---|
| Matrikkelbrev inntil 10 sider | **kr. 175** |
| Matrikkelbrev over 10 sider | **kr. 350** |
| Fastsett av Statens Kartverk - jfr. forskrift § 17.4 | |

## 4.8 Adressering etter § 21 m/forskrift § 57 og lokal forskrift om adressering.

| 4.8.1 Adressering av hytter, stølar og buer utanom regulerte hytteområde på Beitostølen | |
|---|---|
| Gebyr for adresseskilt | **kr. 200** |

## KAP. 5.0 SEKSJONERING

Gebyr for arbeider etter lov om eigarseksjoner (§ 7)

| 5.1 Kart- og delingsforretning over byggetomter og større areal | |
|---|---|
| Seksjonering av nytt bygg med godkjende teikningar | **3 x rettsgebyret pt. kr. 2.580** |
| Seksjonering av eksisterande bygg som krev synfaring og teikningskontroll | **5 x rettsgebyret pt. kr. 4.300** |
| Reseksjonering eller oppheving av seksjonering | **3 x rettsgebyret pt. kr. 2.580** |
| Tinglysingsgebyr | **1,8 x rettsgebyr pt. kr. 1.548** |
| Rettsgebyr pr. 01.12.08 (fastsett av justisdepartementet) | **kr. 860** |

## KAP. 6.0 MINDRE AVLØPSANLEGG

Gebyr for arbeider etter forureiningslova (§ 52)

### 6.1 Mindre avløpsanlegg

Gebyret for handsaming av mindre avløpsanlegg dekkjer handsaming av søknad om utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta samt plan- og bygningslova.

| 6.1.1 Gebyr for handsaming av utsleppsløyve | |
|---|---|
| Melding om etablering av mindre avløpsanlegg etter forureiningsforskrifta (avløpsanlegg dimensjonert for 1 – 15 personekvivalentar (PE)) | **kr. 3.100** |
| Søknad om utsleppsløve for avløpsanlegg dimensjonert for 1 – 15 personekvivalentar (PE) Gebyret dekker eventuell kontroll/tilsyn av nye anlegg | **kr. 5.500** |
| Søknad om utsleppsløve for avløpsanlegg dimensjonert for over 15 personekvivalentar (PE) Nødvendig annonsering skal vere utført av søkjar/tiltakshavar | **kr. 15.200** |
| Mindre endring av utsleppsløyve (Større endring vert å sjå på som ein ny søknad med tilsvarande gebyr) | **kr. 3.100** |

| 6.1.2 Gebyr tilsyn av separate avløpsanlegg | |
|---|---|
| Ved varslet tilsyn av separate avløps-anlegg vert det kravd inn gebyr. Ein tek sikte på å gjennomføre tilsyn kvart 5. år. | **kr. 1.200** |

## KAP. 7.0 GEBYR FOR VATN OG AVLØP

Gebyr med heimel i forureiningslova (§52)

### 7.1 Tilknytingsgebyr og årsgebyr for vatn og avløp

Der gebyret vert fastsett gjennom areal på bygg skal det nyttast definisjonen på bruksareal (BRA) etter Norsk Standard NS 3940, (men berre arealet som er innanfor ytterveggane)

| 7.1.1 Tilknytingsgebyr for vatn og avløp | |
|---|---|
| Tilknytingsgebyr for vatn (pr. $m^2$ bruksareal BRA bygg) Herav meirverdiavgift kr. 60. | **kr. 300** |
| Tilknytingsgebyr for avløp (pr. $m^2$ bruksareal BRA bygg) Herav meirverdiavgift kr. 90. | **kr. 450** |
| Tilknytingsgebyr for vatn industri- og produksjonslokale – fast avg. (150m2) Herav meirverdiavgift kr. 9.000. (Gjeld dersom bygget er > 150 $m^2$) | **kr. 45.000** |
| Tilknytingsgebyr for avløp industri- og produksjonslokale – fast avg. (150 m2) Herav meirverdiavgift kr. 13.500. (Gjeld dersom bygget er > 150 $m^2$) | **kr. 67.500** |

| 7.1.2 Årsgebyr for vatn og avløp | |
|---|---|
| Forbruksgebyr for vatn etter målt eller stipulert forbruk (pr. $m^3$) herav meirverdiavgift kr. 3,60. | **kr. 18** |
| Abonnementsgebyr for vatn pr. år herav meirverdiavgift kr. 240. | **kr. 1.200** |
| Abonnentar utan målar betaler etter stipulert forbruk, men ikkje mindre enn Herav meirverdiavgift kr. 320. | **kr. 1.600** |
| Forbruksgebyr for avløp etter målt eller stipulert forbruk (pr. $m^3$) herav meirverdiavgift kr. 6,40. | **kr. 32** |
| Abonnementsgebyr for avløp pr. år herav meirverdiavgift kr. 280. | **kr. 1.400** |
| Abonnentar utan målar betaler etter stipulert forbruk, men ikkje mindre enn Herav meirverdiavgift kr. 560. | **kr. 2.800** |
| Mottak av slam/svartvatn til reinseanlegg ekskl. transport (pr. $m^3$) herav meirverdiavgift kr. 64. | **kr. 320** |

## KAP. 8.0 GEBYR FOR BEHANDLING AV KONSESJONSSAKER OG SØKNADER OM DELINGS-SAMTYKKE ETTER JORDLOVA

| 8.1 Gebyr ved søknad om konsesjon/løyve til erverv | |
|---|---|
| Søknader om konsesjon (løyve om erverv) etter lov 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven) mv. § 2 og § 3. Kommunen kan fastsette lægre gebyr ved svært enkle saker. | **kr. 5.000**<br>**Minimum kr. 1500** |
| For konsesjonsbehandling av utbyggingskontraktar | **kr. 5.000** |

| **8.2 Gebyr ved søknad om delingssamtykke etter jordlova.** | |
|---|---|
| Gebyr for jordlovsbehandling av søknad om deling | **kr. 2.000** |

| **8.3 Fellingsgebyr for hjortevilt etter § 43 i viltlova.** | |
|---|---|
| Vaksen elg | **kr. 496** |
| Elgkalv | **kr. 292** |
| Vaksen hjort | **kr. 379** |
| Hjortekalv | **kr. 230** |

**KAP. 9.0 GEBYR FOR FEIING**
Gebyr for arbeider etter brann og eksplosjonsvernlova (§ 28)

| **9.1 Gebyr for feiing** | |
|---|---|
| Gebyr for feiing hrav meirverdiavgift kr. 130. | **kr. 650** |
| Tilleggsgebyr for kvar pipe ved fleire piper på sama tak herav meirverdiavgift kr. 68. | **kr. 340** |

**KAP. 10.0 GEBYR FOR GRAVFESTE**
Gebyr fastsett med heimel i gravferdslova (§ 21)

Kommunen krev inn gebyr for gravfeste. Gebyret vert fastsett av kommunestyret, etter råd frå Kyrkjeleg Fellesråd.

| **10.1 Gebyr for gravfeste** | |
|---|---|
| Gravfeste pr. år | **kr. 150** |

# 14 Vedlegg I: Handlingsregelen for god økonomistyring

Kommunen har følgjande mål for den økonomiske forvaltninga:

**Kommunen har som overordna mål å yte gode tenester for innbyggarane og bidra til å utvikle lokalsamfunnet. Overskot i kraftforvaltninga skal nyttast for å nå dette målet.**

Målet med den økonomiske forvaltninga i kommunen er:

- Utvikling av lokalsamfunnet og av kommunen som organisasjon.
- Å gjere økonomien til kommunen robust.
- Gje grunnlag for høg avkastning på kraftporteføljen gjennom å forvalte inntektene langsiktig slik at ein kan tåle store svingingar i inntektene innanfor og mellom år.
- Å ha eit bevisst forhold til nivået og utvikling av kommunen sin renteberande gjeld.
- Å ha god styring med sjølvkostområde som til dømes vatn og avløp samt utleigeverksemda med omsyn til inndekning.
- Å ha eit bevisst forhold til effekt av investeringar på driftsrekneskapen samt kva effekt val av finansiering har over tid.

I kommunestyresak 53/13 vart det gjort vedtak om kommunen sin handlingsregel om god økonomistyring.

Det er fastsett slike resultatmål:

| | |
|---|---|
| Netto driftsresultat: | 3,0 % |
| Disposisjonsfond: | 17,5 % |
| Lånegjeld*: | 40,0 % (under føresetnad av 100 % inndekning innan sjølvkostområde) |

**) Kommunen si lånegjeld er samansett av lån til investeringar innan sjølvkostområdet vatn og avløp. Dekningsgraden for kostnader innan dette området er over 100 % i perioden. Dermed er lån til VA-området sjølvberande. Vidare er kommunen mottakar av rentekompensasjon knytt til investeringar i omsorgsbustader og skulebygg.*

*Kommunen si lånegjeld (eks. ovannemnte gjeld) vil jf. økonomiplanen vera 97,5 mill. kr ved utgangen av 2016. Dette er innanfor gjeldande handlingsregel.*

**Figur 14-1Kommunen si økonomiske stilling i forhold til gjeldande handlingsregel**



# 15 Vedlegg II: Investeringsprosjekt

## Skildring av investeringsprosjekt 2016-2019

### Prosjekt 129 Andelsinnskott KLP

*Budsjett: 600' kr (2016)*

### Prosjekt 131 Lån – ekstraordinære avdrag

Det er lagt opp til ekstraordinære avdrag i samsvar med inntekter frå tomtesal.

*Budsjett: 1 mill. kr (2016)*

### Prosjekt 559 VA Gravfjellet – infrastrukturselskap

Aksjekjøp til kommunal del av selskapet.

*Budsjett: 3,5 mill. kr (2014-2015)*

### Prosjekt 238: ØSUS – ventilasjon

Tilsyn frå Arbeidstilsynet peikte på at kommunen måtte skaffe fram ein plan for oppgradering av ventilasjonsanlegget ved delar av ØSUS. Nytt balansert ventilasjonsanlegg er prosjektert og planlagt montert i 2016.

*Budsjett: 10 mill. kr (2016)*

### Prosjekt 204: ØSUS – heimkunnskapsrom

Tilsyn frå Mattilsynet avslørte at det var behov for oppgradering av undervisningsrom for heimkunnskap ved ØSUS

*Budsjett: 650 000 kr (2016)*

### Prosjekt 493 Turveg BHSS - Mørken

Prosjektering av turveg på attståande parsell sør for helsesportsenteret er prosjektert og ein avventar no løyve frå Statens vegvesen om bruk av deira grunn og tilskott frå Oppland fylkeskommune sitt trafikksikringsutval.

*Samla budsjett: 750 000 kr (2016)*

### Prosjekt 194 Digitalt eigedomsarkiv

Rådmannen finn det rett å løfte arbeidet med å digitalisere vårt eigedomsarkiv opp til eit investeringsprosjekt.

*Samla budsjett: 1,5 mill. kr (2016)*

### Prosjekt 600 Omsorgstun Heggenes

I arealdelen til kommuneplanen forsøker vi no å avklare plassering av nytt omsorgssenter i Heggenes-området. Vi håpar å vere klar til å starte programarbeid og prosjektering i 2017.

*Samla budsjett: 50,0 mill. kr (2017 - 2018)*

### Prosjekt 435 Brennebakkin – bustader

Kommunen ynskjer å oppføre 2 nye bustader på Brennebakkin. Utsett prosjekt.

*Samla budsjett: 5,2 mill. kr (2016)*

### Prosjekt 601 Volbu bru

Volbu bru er smal og vil om ha behov for ei omfattande teknisk oppgradering. Ny og tidsmessig bru er vurdert som ei betre løysing.

*Samla budsjett: 2,5 mill. kr (2017 - 2018)*

**Prosjekt 394 Moavegen 1 - bustader**

Bygg med 4 bustadar er prosjektert i Moavegen 1. Dette er kommunale bustader for personer som har vanskar på bustadmarknaden, dvs. ungdom, flyktningar og andre. Leilegheitene har standard som omsorgsbustader. Søknad om lån og tilskott ligg inne hos Husbanken.

*Samla budsjett: 10,0 mill. kr (2016)*

**Prosjekt 396 Øystre Slidre Brannvesen – Ny brannbil**

Jf. kommunestyresak 54/14 post 10 er det gjort vedtak om kjøp av ny utrykkingskøyrety til Øystre Slidre brannvesen. Ny brannbil er bestilt, leveranse vil skje våren 2016.

*Samla budsjett: 1,8 mill. kr (2016)*

**Prosjekt 439 Sentrumsutvikling Beitostølen**

Gjeld øyremerka bruk av inntekter frå sal av Klyppemyrhaugen bustadområde til spesielle tettstadsutviklingstiltak på Beitostølen.

*Samla budsjett: 17,0 mill. kr (2016 - 2019)*

**Prosjekt 565 Bil feiar**

Utkjøp/restverdi etter leasing av bil til feiaren.

*Samla budsjett: 65 000 kr (2016)*

**Prosjekt 603 Ungdommens Hus**

Nytt ungdomshus i nærområdet til ungdomsskulen.

*Samla budsjett: 3,3 mill. kr (2016) (nettobudsjett)*

**Prosjekt 239 Sanering av Gamle Rogne skule**

Riving av Gamle Rogne skule.

*Samla budsjett: 1,5 mill. kr (2016)*

**Prosjekt 240 Kaldtlager Rogne skule**

Bygging av kaldtlager/lager for utereiskap ved Rogne skule.

*Samla budsjett: 250 000 kr (2016)*

**Prosjekt 241 Uteområde Rogne skule**

Tilpynting av uteområdet etter riving av Gamle Rogne skule.

*Samla budsjett: 250 000 kr (2016)*

**Prosjekt 242 Gang og sykkelveg forbi Rogne skule**

Statens vegvesen legg i sine planar til grunn at kommunen sjølv bygger gang- og sykkelveg på eigen grunn forbi Rogne skule. Om Statens vegvesen ikkje endrar syn, må kommunen sjå til at gang- og sykkelveg her vert ferdig samstundes med vegvesenet sine planar nordover etter fylkesveg 51.

*Samla budsjett: 1,0 mill. kr (2016)*

**Prosjekt 243 Solhauglivegen - asfaltering**

Prosjektet gjeld asfaltering av bakken opp til og litt forbi Rogne barnehage.

*Samla budsjett: 1,0 mill. kr (2016)*

### Prosjekt 605: Utbetring Dalsvegen

Det er forventa at VA Lidar – Sælid vil gje store masseoverskott. Denne massen kan nyttast til å bygge opp ny vegline for Dalsvegen frå Dalsbrue til Nordtorpplassen.

*Samla budsjett: 1,5 mill. kr (2016)*

## VA-prosjekt

### Prosjekt 558: VA Lidar – Sælid

Prosjektet gjeld vidareføring av hovudleidning frå Lidar skule til Sælid. Kommunen starta i 2013 med avklaring med kulturminnevernet om det er kulturminne vi må omgå. Avklaringa vart grunnlag for detaljprosjektering. Sumaren 2015 vart det arbeida med nytt opplegg for grunneigaravtaler. Parsellen Lidar – Kjøk vert bygd ut hausten 2015 / vinteren 2016. Det vert arbeida med det mål at prosjektet vert ferdigstilt 2018.

Formålet er å gje potensiale til utvikling av Skammestein. Prosjektet har potensiale til å avkloakkere heile eller delar av Beitostølen til Nedrefoss RA.

*Samla budsjett: 29,0 mill. kr (2016-2018)*

### Prosjekt 560 Nedrefoss RA – Garderobeanlegg (Uteglemt på lista ?)

Øystre Slidre kommune fekk avvik for hygienesituasjonen for tilsette ved Nedrefoss RA / VA-tenesta i kommunen. Prosjektstart har vorte forsinka delvis i manglande avklaring med Arbeidstilsynet. Det er prosjektert eit frittståande bygg med storleik 115 $m^2$.

*Samla budsjett: 3 mill. kr (2016)*

### Prosjekt 561 Nedrefoss RA - Biotrinn

Nedrefoss RA har ikkje optimal reinsing av organisk stoff, og har reinseresultat heilt på grensa av det som er tillate. Kommunen forsøker framleis å optimalisere anlegget utan denne investeringa. Investeringa er plassert i 2019 for å avvente avgjerd i vassmiljø-, vatn- og avløpsplanen vi har under arbeid.

*Samla budsjett: 4,0 mill. kr (2019)*

### Prosjekt 556 VA Moane – Robøle

Prosjektet er første byggesteg i avkloakkering av Robøle og Gravfjellsområdet. Prosjektet var meint å vere eit samarbeidsprosjekt med Vindin Vassverk SA. Prosjektet er i økonomiplanen flytta fram til 2018.

*Budsjett for kommunal del er 5,8 mill. kr (2018)*

### Prosjekt 604 Ole Vassverk – utviding av høgdebasseng

I drikkevassforskrifta er det retningsgjevande at eit vassverk skal ha høve til å lagre vatn for minst eitt døgns forbruk. Døgnforbruket ved Ole Vassverk er no større enn vi har kapasitet til i vassbasseng. Kommunen planlegg difor no utviding av høgdebassenget ved Åsestølen.

*Samla budsjett: 5,5 mill. kr (2018-2019)*

### Prosjekt 553 Kollstad Vassverk – oppgradering av inntak

Inntaket til Kollstad Vassverk har behov for oppgradering. Vassmiljø-, vatn- og avløpsplanen som er under arbeid vil avklare om Mellsenn skal vere framtidig vasskjelde. Dette er i så fall ei svært stor investering som må ta tid.

Vi har lagt inn ei mellombels oppgradering av eksisterande inntak i Ygna.

*Samla budsjett: 2,0 mill. kr (2018)*

### Prosjekt 500 VA tomter i Volbu

Over dei tre tomtene kommunen har lagt ut for sal i Volbu, går det leidningsnett for vassforsyning frå Vindin VV, jordvatningsnett og kommunalt avløp. Alle desse leidningane må flyttast for å gjere tomtene byggbare.

*Samla budsjett: 0,7 mill. kr (2016)*

### Prosjekt 501 VA Tåbakke – Lykkjehøgde

Det er interesse for å få offentleg vatn og avløp fram til hytteområdet Tåbakke. Det er separate avløpsanlegg i området som har behov for oppgradering. Prosjektet går ut på å føre fram VA frå Lykkjehøgde til Tåbakke. Vi føreset stor grad av ekstern finansiering i hytteområdet.

*Samla budsjett: 4,0 mill. kr (2017)*

### Prosjekt 502 VA Åbakkin

Moane er definert som tettstad etter forureiningsforskrifta der det er krav om tilknyting til offentleg avløp. Bustader ved Åbakkin er ikkje knytt til offentleg nett.

*Samla budsjett: 1,0 mill. kr (2017)*

### Prosjekt 503 VA Gullbakkvegen

Heggenes vart for få år sidan definert som tettstad etter forureiningsforskrifta, der det er krav om tilknyting til offentleg avløp. Bustadane langs Gullbakkvegen er ikkje knytt til offentleg VA.

*Samla budsjett: 3,0 mill. kr (2017)*

# 16 Vedlegg III: Talbudsjett

## 16.1 Driftsbudsjettet – budsjettskjema 1A

**Tabell 16-1 Budsjettskjema 1A (i heile 1000 kr)**

| Budsjettskjema 1A - drift | Regnskap 2013 | Budsjett 2014 | Budsjett 2015 | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 | Budsjett 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Skatt på inntekt og formue | 73 598 | 79 000 | 81 000 | 81 000 | 81 000 | 81 000 |
| Ordinært rammetilskudd | 95 969 | 94 000 | 94 410 | 94 410 | 94 410 | 94 410 |
| Skatt på eiendom | 2 246 | 2 500 | 2 200 | 2 200 | 2 200 | 2 200 |
| Andre direkte eller indirekte skatter | 3 258 | 4 600 | 3 300 | 3 300 | 3 300 | 3 300 |
| Andre generelle statstilskudd | 7 428 | 6 809 | 8 000 | 8 000 | 8 000 | 8 000 |
| **Sum frie disponible inntekter** | **182 499** | **186 909** | **188 910** | **188 910** | **188 910** | **188 910** |
| Renteinntekter og utbytte | 7 099 | 7 090 | 6 990 | 6 990 | 6 990 | 6 990 |
| Gevinst finansielle instrument | 154 | - | - | - | - | - |
| Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg. | 4 230 | 6 040 | 4 940 | 5 740 | 5 640 | 5 640 |
| Tap finansielle instrument | 358 | - | - | - | - | - |
| Avdrag på lån | 8 611 | 9 100 | 9 100 | 10 000 | 11 000 | 11 000 |
| **Netto finansinnt./utg.** | **-5 945** | **-8 050** | **-7 050** | **-8 750** | **-9 650** | **-9 650** |
| Til ubundne avsetninger | 18 225 | 18 717 | 19 219 | 7 496 | 7 496 | 7 496 |
| Til bundne avsetninger | 6 140 | 3 341 | 4 678 | 3 982 | 3 522 | 3 522 |
| Bruk av tidl regnks.m. mindreforbruk | 5 147 | 2 920 | - | - | - | - |
| Bruk av ubundne avsetninger | 13 004 | 12 676 | 6 778 | 6 075 | 6 271 | 6 236 |
| Bruk av bundne avsetninger | 5 124 | 3 597 | 15 460 | 3 788 | 3 834 | 3 800 |
| **Netto avsetninger** | **-1 090** | **-2 865** | **-1 659** | **-1 615** | **-913** | **-982** |
| Overført til investeringsbudsjettet | 975 | - | - | - | - | - |
| **Til fordeling drift** | **174 488** | **175 994** | **180 201** | **178 545** | **178 347** | **178 278** |

## 16.2 Investeringsbudsjettet – budsjettskjema 2A

**Tabell 16-2 Budsjettskjema 2A (i heile 1000 kr)**

| Budsjettskjema 2A - investering | Regnskap 2014 | Budsjett 2015 | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Investeringer i anleggsmidler | 29 032 | 57 170 | 56 465 | 45 500 | 52 800 | 11 500 |
| Utlån og forskutteringer | 215 | - | - | - | - | - |
| Kjøp av aksjer og andeler | 561 | 4 100 | 4 100 | 600 | 600 | 600 |
| Avdrag på lån | 135 | 1 000 | 3 000 | 6 000 | 6 000 | 6 000 |
| Avsetninger | 768 | 1 000 | 3 000 | 6 000 | 6 000 | 6 000 |
| **Årets finansieringsbehov** | **30 711** | **63 270** | **66 565** | **58 100** | **65 400** | **24 100** |
| **Finansiert slik:** | | | | | | |
| Bruk av lånemidler | 23 019 | 44 600 | 41 370 | 29 000 | 32 500 | 5 000 |

| Budsjettskjema 2A - investering | Regnskap 2014 | Budsjett 2015 | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Inntekter fra salg av anleggsmidler | 225 | 1 000 | 3 000 | 6 000 | 6 000 | 6 000 |
| Tilskudd til investeringer | 133 | - | 4 320 | 13 000 | 15 000 | - |
| Kompensasjon for merverdiavgift | 4 647 | 6 214 | 6 900 | 1 100 | 1 400 | 1 000 |
| Mottatte avdrag på utlån og refusjoner | 2 623 | 1 975 | 1 975 | 1 500 | 1 500 | 1 500 |
| Andre inntekter | 64 | - | - | - | - | - |
| **Sum ekstern finansiering** | **30 711** | **53 789** | **57 565** | **50 600** | **56 400** | **13 500** |
| | | | | | | |
| Bruk av avsetninger | - | 9 481 | 9 000 | 7 500 | 9 000 | 10 600 |
| **Sum finansiering** | **30 711** | **63 270** | **66 565** | **58 100** | **65 400** | **24 100** |
| **Udekket/udisponert** | **-** | **-** | **-** | **-** | **-** | **-** |

## 16.3 Tilgang og bruk middel

**Tabell 16-3 Tilgang og bruk av middel (i heile 1000 kr)**

| Tilgang og bruk av midler | Regnskap 2014 | Budsjett 2015 | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Tilgang av midler** | | | | | | |
| Inntekter driftsdel (kontoklasse 1) | 263 867 | 261 129 | 275 482 | 273 867 | 273 867 | 273 867 |
| Inntekter investeringsdel (kontoklasse 3) | 7 183 | 8 689 | 15 695 | 21 100 | 23 400 | 8 000 |
| Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner | 29 988 | 52 205 | 48 010 | 35 640 | 39 140 | 11 640 |
| **Sum anskaffelse av midler** | **301 038** | **322 023** | **339 187** | **330 607** | **336 407** | **293 507** |
| | | | | | | |
| **Bruk av midler** | | | | | | |
| Utgifter driftsdel (kontoklasse 1) | 255 229 | 253 167 | 263 537 | 261 864 | 261 810 | 261 686 |
| Utgifter investeringsdel (kontoklasse 3) | 29 030 | 57 170 | 56 465 | 45 500 | 52 800 | 11 500 |
| Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner | 13 181 | 19 140 | 21 253 | 21 953 | 22 653 | 22 853 |
| **Sum anvendelse av midler** | **297 440** | **329 477** | **341 255** | **329 317** | **337 263** | **296 039** |
| **Anskaffelse - anvendelse av midler** | **3 598** | **-7 454** | **-2 068** | **1 290** | **-856** | **-2 532** |
| | | | | | | |
| Endring i ubrukte lånemidler | 13 551 | - | - | - | - | - |
| **Endring i arbeidskapital** | **17 149** | **-7 454** | **-2 068** | **1 290** | **-856** | **-2 532** |
| | | | | | | |
| **Avsetninger og bruk av avsetninger** | | | | | | |
| Avsetninger | 23 500 | 24 897 | 11 484 | 12 470 | 12 155 | 11 748 |
| Bruk av avsetninger | 19 902 | 32 571 | 13 612 | 11 240 | 13 071 | 14 340 |
| **Netto avsetninger** | **3 598** | **-7 674** | **-2 128** | **1 230** | **-916** | **-2 592** |
| | | | | | | |
| **Int. overføringer og fordelinger** | | | | | | |
| Interne inntekter mv | 17 239 | 1 699 | 1 729 | 1 729 | 1 729 | 1 729 |
| Interne utgifter mv | 17 239 | 1 699 | 1 729 | 1 729 | 1 729 | 1 729 |
| **Netto interne overføringer** | **-** | **-** | **-** | **-** | **-** | **-** |

# 17 Vedlegg IV

## 17.1 Befolkningsutvikling

Øystre Slidre kommune hadde per 01.01.2015 eit registert folketal på 3 206 innbyggarar (2013: 3 197). Folketalet i Øystre Slidre har dei 10 siste åra gått opp med 121 (3,7 %), medan det samla folketalet i Valdres i den same perioden har gått ned med 279 (-1,5 %).

**Tabell 17-1 Befolkningsutvikling Valdres**

| | 2012 1. jan | 2013 1. jan | 2014 1. jan | 2015 1. jan |
|---|---|---|---|---|
| 0540 Sør-Aurdal | 3 154 | 3 147 | 3 133 | 3 094 |
| 0541 Etnedal | 1 408 | 1 399 | 1 408 | 1 402 |
| 0542 Nord-Aurdal | 6 428 | 6 396 | 6 417 | 6 466 |
| 0543 Vestre Slidre | 2 232 | 2 219 | 2 187 | 2 180 |
| 0544 Øystre Slidre | 3 174 | 3 197 | 3 206 | 3 199 |
| 0545 Vang | 1 617 | 1 597 | 1 602 | 1 619 |
| **Sum Valdres** | **18 013** | **17 955** | **17 953** | **17 960** |

**Figur 17-1 Fordeling av innbyggarar etter aldersgrupper i %**




**Figur 17-2 Prognose for folketal i 2020 i Valdres-kommunane – kjelde SSB moderat vekst**

| | 0 - 5 år | 6 - 19 år | 20 - 66 år | 67 - 79 år | 80+ år | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Øystre Slidre | 190 | 491 | 1 932 | 492 | 155 | **3 260** |
| Vestre Slidre | 116 | 366 | 1 281 | 303 | 135 | **2 201** |
| Vang | 95 | 245 | 988 | 241 | 86 | **1 655** |
| Etnedal | 73 | 216 | 889 | 202 | 105 | **1 485** |
| Sør-Aurdal | 180 | 506 | 1 750 | 481 | 200 | **3 117** |
| Nord-Aurdal | 368 | 991 | 3 838 | 968 | 347 | **6 512** |
| **Samla i Valdres** | **1 022** | **2 815** | **10 678** | **2 687** | **1 028** | **18 230** |

Statistisk sentralbyrå sin oversikt over alderssamansetnad i kommunane viser at i Øystre Slidre utgjer aldersgruppa 80 år og eldre 4,8 %, medan valdreskommunane samla sett ligg 5,8 %.

SSB sin prognose for 2020 med moderat vekst viser til eitt samla folketal på 18.230, ei auke på 277 (1,5 %). For Øystre Slidre sin del kan det synast som aldersgruppa 67-79 år vil auke, medan aldersgruppa 6-19 år kan vise til nedgang frå 520 til 491.

## 17.2 Organisasjonskart

